



MELAND KOMMUNE

OVERORDNA ROS-ANALYSE 2013



By Per Nilsson

Innhald

| | |
|---|-----|
| Innleiing..... | 3 |
| 1. Klimaendringar og naturulukker | 12 |
| 1.1. Naturhendingar..... | 13 |
| 2. Epidemiar og Helseberedskap..... | 26 |
| 2.1. Epidemiske sjukdomar | 27 |
| 2.2. Smitte via næringsmiddel..... | 28 |
| 2.3. Andre infeksjonssjukdomar..... | 30 |
| 3. Fiskesjukdomar og oppdrett – dyresjukdomar og landbruk | 33 |
| 3.1. Fiskesjukdommar og oppdrett | 33 |
| 3.2. Dyresjukdommar og landbruk..... | 41 |
| 4. Svikt i kritisk infrastruktur | 50 |
| 4.1. Dambrot | 51 |
| 4.2. Drikkevassforsyning..... | 55 |
| 4.3. Svikt i energiforsyning | 66 |
| 4.4. IKT – tenester | 87 |
| 4.5. Transportsektoren | 91 |
| 5. Storulukker, masseskadar, atomulukker og radioaktiv stråling..... | 98 |
| 5.1. Storulukker og masseskadar | 98 |
| 5.2. Atomulukker og radioaktivstråling | 112 |
| 5.3. Akutt ureining..... | 120 |
| 6. Kjeldetilvising, litteratur og kontaktar..... | 128 |

Innleiing

Bakgrunn for arbeidet

Fylkesmannen gjennomførte i juni 2012 tilsyn med beredskapsarbeidet i Meland kommune. I tilsynsrapporten per medio september 2012 vart det ikkje gitt avvik, men rapporten inneheldt to merknader, der den eine merkningen omhandla manglande oppdatert heilskapleg (overordna sektorovergripande) ROS-analyse.

Fylkesmannen sette då som krav at slik analyse må vere handsama i kommunestyret innan utgangen av 2013. Heimelsgrunnlaget for kravet om overordna ROS-analyse er nedfelt i lov om kommunal beredskapsplikt m/forskrift.

I tillegg til å kravet om forankring i kommunestyret er det også lovkrav om at ROS-analysen skal:

- vere grunnlag for, og samstundes sikre, at det ved behov vert utarbeidd meir detaljerte ROS-analysar av avdekte risikotilhøve
- vere utarbeidd med medverknad frå relevante offentlege og private aktørar
- vere grunnlag for utarbeiding av langsiktige mål, strategiar og prioriteringar og plan for oppfølging av kommunen sitt samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid
- danne grunnlag for kommunen sine beredskapsplanar og vurdering av behov for utfyllande krise- og beredskapsplanverk på nye område
- danne grunnlag for å vurdere tilhøve som bør integrerast i planar etter plan- og bygningslova
- vere utgangspunkt for val av scenario ved øvingar og vurdering av behov for kompetansehevingstiltak

Oppstartsvedtak i kommunestyret 20.06.2012

Kommunestyret vedtok i sak 059/12 oppstart av arbeid med overordna ROS-analyse i tråd med merknad frå fylkesmannen og dei nye lovkrava. Med utgangspunkt i FylkesROS 2009 vart det vald ut 5 område for analyse:

1. Klimaendringar og naturulukker
2. Epidemiar og helseberedskap
3. Fiskesjukdommar og oppdrett, dyresjukdommar og landbruk.
4. Svikt i kritisk infrastruktur.
5. Storulukker, masseskadar, atomulukker og radioaktiv stråling.

Kommunal kriseleiing (KKL) fekk fullmakt til å godkjenne prosjektplan med tidslinje.

Tidlegare ROS-analysar i Meland kommune

Den overordna ROS-analysen som no vert lagt fram for kommunestyret til godkjenning kan sjåast på som "3.generasjon" ROS-analyse i Meland kommune. Den første ROS-analysen vart utarbeidd i 1997, og då som eit samarbeidstiltak mellom Lindås og Meland kommunar.

I 2006 laga Meland kommune så på eiga hand ein revidert overordna ROS-analyse. Ein tok her utgangspunkt i FylkesROS Hordaland frå 2004.

I Meland kommune sin ROS-analyse frå 2006 vart det vald ut 8 område:

- | | |
|--------------------------|-----------------------------|
| - Naturulukker | - Masseskade |
| - Epidemi/helseberedskap | - Energiforsyning |
| - Vassforsyning | - Akutt forureining |
| - Kommunikasjon | - Trugslar, vald og terror. |

Samanliknar ein med 2013–analysen vil ein sjå at dei fleste av desse områda framleis er aktuelle, men sett saman på ein litt annan måte.

Ved 2013–analysen går ein også mykje djupare inn i kvart område, og i det er i langt større grad innhenta statistiske grunnlagsdata, både på sannsyn og konsekvens.

Sidan Meland kommune sin første ROS–analyse har det vore ei enorm utvikling, der samfunnstryggleik og beredskapsarbeid står i fokus som aldri før. Dersom ein går nokre tiår tilbake i tid var omgrepet *beredskap* i hovudsak knytta til krig og militær beredskap, med rasjonering, krigsutflyttingsplanar, tilfluktsrom m.m.

Frå 1980–talet og framover kom dette i stor grad i bakgrunnen, samstundes som dagens beredskapssituasjon m.a. er prega av både det lokale og globale trugselbilete. I dei siste åra har ein også hatt fleire alvorlege hendingar som har årsak i endra klimatiske tilhøve, med større grad av ekstremvær. Det er grunn til å tru at utfordringane innan dette feltet kan forsterke seg i åra framover.

Fleire store og alvorlege hendingar, både regionalt og nasjonalt, har utfordra både ulike lokalsamfunn og storsamfunnet. I Meland kommune har vi ikkje vore råka av alvorlege ulukker/hendingar. Dødsulukker i trafikken representerer eit unntak.

Det er likevel eit faktum at forliset av MS Rocknes skjedde ikkje så langt frå vår kommune, og det same var tilfelle for forliset av MS Server.

Dei sårbare elementa i samfunnet er også blitt sterkare som følgje av den teknologiske utviklinga. Mest all kritisk infrastruktur er i dag databasert/ datastyrt, og såleis straumavhengig.

Straumutfall som varer over tid vil vere blant dei mest utfordrande krisesituasjonar ein kommune kan komme opp i, – dette vil sjølvsagt også gjelde for Meland kommune.

I alt arbeid med ROS–analyse vert det lagt ned mykje tid og energi i å framskaffe faktainformasjon og bakgrunns- og erfaringsberrenskap for å berrene slå fast kor *sannsynleg* ei uønska hending vil vere.

Berekning av sannsyn (den eine av to komponentar i ROS–analyse) er likevel kanskje ei vitskap som har vist seg å ikkje vere så påliteleg som eit har trudd. Korkje 9/11 i USA eller 22. juli i Noreg låg vel særleg langt framme som sannsynlege hendingar!

Det kan difor vere grunn til å minne om Aristotiles sine ca 2400 år gamle visdomsord:

"Det er sannsynleg at noko usannsynleg vil skje"

Aristotiles (384 – 322 f. Kr)

Kommunen må altså vere budd på å berrene takle det uventa!

Metodeval og akseptkriterium

Overordna ROS-analyse 2013 er utarbeidd med utgangspunkt i Norsk Standard (NS) sine retningslinjer for krav til risikovurderingar. I Stortingsmelding nr 17 (2001/2002) *"Samfunnssikkerhet. Veien til et mindre sårbart samfunn"* vert det elles slått fast at:

"Ordføreren skal påse at lokal-samfunnet og det lokale tjenestetilbudet er trygt og må bidra til dette sammen med borgerne, øvrige myndigheter og næringsliv."

Med bakgrunn i ovannemnde vart sak om akseptkriterium lagt fram for kommunestyret til vedtak 24.10.12. Med bakgrunn i samarbeidet med Lindås og Meland brannvern og bruk av felles mal for analyseskjema, er det gjort nokre mindre justeringar i konsekvensvurderingane K3, K4 og K5 under matrisa for Liv og helse i alle kapitla, samt i oppsettet for sannsyn – arealbruk (kap. 1).

Det er lagt til grunn 5x5-matrise i analysen, som er tilrådd i faglitteraturen for overordna ROS, m.a. *Handbok i arbeid med samfunnssikkerhet, krise- og beredskapsplanlegging 2005/2006 (Arve Meidell 2005/2006)*. Som støttelitteratur i arbeidet har også FylkesROS 2009 vore nytta.

Det er viktig å merke seg at dei økonomiske konsekvensane som kjem fram i matrisa går på Meland kommune som organisasjon, ikkje samfunnet som heilskap.

Kva er ROS-analyse

Å gjennomføre ein ROS-analyse vil sei å kartleggje uønska hendingar, dvs. hendingar som inneber fare for menneske, miljø, materielle verdiar og samfunnsviktige funksjonar. Rekkjefølgja på desse elementa er ikkje tilfeldig vald. Liv og helse vil alltid vere 1. prioritet.

Risiko vert definert som ein funksjon av sannsyn og konsekvens, eller vist som produktet:

RISIKO = Sannsyn x konsekvens

Vurdering av sannsyn og konsekvens vert sett opp i eit risikodiagram/matrise, der risiko då kjem fram anten i grøn, gul eller raud sone.

I **grøn sone** er risikonivået akseptabelt, og det vil truleg ikkje vere nødvendig med tiltak (kan hende nokre mindre tiltak). **Gule soner** krev oppfølging og tiltak, medan **raude soner** markerer område med uakseptabel høg risiko. Her må tiltak iverksetjast for å redusere risikoen *før* ein aktivitet i det heile kan gjennomførast.

I ROS-analysen er område med uakseptabel høg risiko for kvart kapittel ført opp med ei opplisting av **prioriterte tiltak**.

Definisjon av sannsyn

Sannsyn handlar om kor ofte ein har ein berrena registrere at hendinga har skjedd og kor ofte det er grunn til å tru at hendinga vil inntreffe.

Det er vanleg å klassisifisere sannsyn i 5 kategoriar, jf matrisa (eks. arealbruk):

| Tal i matrisa: | Kategori: | Kor ofte: |
|----------------|-------------------|---|
| S 1 | Lite sannsynleg | Ei hending kvart 100. år eller sjeldnare |
| S 2 | Mindre sannsynleg | Meir enn ei hending kvart 100. år, men mindre enn hending kvart 50. år. |
| S 3 | Sannsynleg | Meir enn ei hending kvart 50. år, men mindre enn ei hending kvart 10. år. |
| S 4 | Mykje sannsynleg | Meir enn ei hending kvart 10. år, men mindre enn ei hending per år. |
| S 5 | Svært sannsynleg | Ei hending per år eller oftare |

For arealbruk (kap. 1) gjeld det litt andre kriterium for sannsyn:

| Tal i matrisa: | Kategori: | Kor ofte: |
|----------------|-------------------|--|
| S 1 | Lite sannsynleg | Ei hending kvart 1000 år eller sjeldnare |
| S 2 | Mindre sannsynleg | Meir enn ei hending kvart 50. år, men mindre enn ei hending kvart 100. år. |
| S 3 | Sannsynleg | Meir enn ei hending kvart 50. år, men mindre enn ei hending kvart 10. år. |
| S 4 | Mykje sannsynleg | Meir enn ei hending kvart 10. år, men mindre enn ei hending kvart år. |
| S 5 | Svært sannsynleg | Ei hending per år eller oftare |

Definisjon av konsekvens

Konsekvens handlar om verknadene av hendinga og kor stor desse er. Det er vanleg i skilje mellom 3 hovudområde:

- Menneske – liv og helse
- Miljø – jord, vatn, luft
- Materielle – økonomiske verdiar.

Det er ei målsetjing med kommunalt beredskapsarbeid at kommunen i ein krisesituasjon skal vere i stand til å yte dei tenestene som er eit kommunalt ansvar i normaltilstanden. I tillegg til dei tre hovudområda ovanfor vil difor også samfunnsviktige funksjonar og tenesteyting/produksjon vere svært relevant for kommunalt ROS-arbeid. Det er såleis laga 5 risikomatriser for kvart analyseobjekt.

Oversyn konsekvensvurdering:

Liv og helse

| Tal i matrisa: | Kategori: | Verknad: |
|----------------|--------------------------------|--|
| K 1 | Ubetydeleg ufarleg | Ingen personskadar |
| K 2 | Mindre alvorleg, ein viss fare | Få og små personskadar |
| K 3 | Mindre alvorleg, ein viss fare | Få, men alvorlege personskadar, mange mindre personskadar (opp til 10). |
| K 4 | Alvorleg, kritisk | Inntil 2 døde, og/eller 5 alvorleg skadde, og/eller opp til 10 evakuerte. |
| K 5 | Svært alvorleg, katastrofal | > 3 døde, og/eller opp til 6 alvorleg skadde, og/eller meir enn 10 evakuerte |

Miljø

| Tal i matrisa: | Kategori: | Verknad: |
|----------------|--------------------------------|---|
| K1 | Ubetydeleg, ufarleg | Ingen miljøskadar eller forureining av omgjevnadene. |
| K 2 | Mindre alvorleg, ein viss fare | Mindre skadar på miljøet som utbetrast etter kort tid. |
| K 3 | Betydeleg, farleg | Miljøskadar av stort omfang, men middels alvorlege, eller skadar av lite omfang, men alvorlege. |
| K 4 | Alvorleg, kritisk | Store og alvorlege miljøskadar |
| K 5 | Svært alvorleg, katastrofal | Langvarige, i verste fall alvorleg skade på miljøet. |

Økonomi:

| Tal i matrisa: | Kategori: | Verknad: |
|----------------|--------------------------------|---------------------------------------|
| K1 | Ubetydeleg, ufarleg | Skadar for inntil kr 30 000 |
| K 2 | Mindre alvorleg, ein viss fare | Skadar mellom kr 30 000 og kr 300 000 |
| K 3 | Betydeleg, farleg | Skadar mellom kr 300 000 og 3 mill. |
| K 4 | Alvorleg, kritisk | Skadar mellom 3 mill og 30 mill. |
| K 5 | Svært alvorleg, katastrofal | Skadar for meir enn 30 mill. |

Samfunnsviktige funksjonar:

| Tal i matrisa: | Kategori: | Verknad: |
|----------------|--------------------------------|---|
| K1 | Ubetydeleg, ufarleg | Funksjonen mellombels ute av drift, ikkje direkte skade, mindre avvik i drift. |
| K 2 | Mindre alvorleg, ein viss fare | Funksjonen mellombels ute av drift, mindre skade, alternative løysingar fungerer. |
| K 3 | Betydeleg, farleg | Funksjon ute av drift fleire døger, mindre skade på alternativ løysing, stort driftsavvik. |
| K 4 | Alvorleg, kritisk | Funksjonstans i lengre tid, skade på eller manglande alternativ løysing, stort driftsavvik. |
| K 5 | Svært alvorleg, katastrofal | Funksjonen er permanent sett ut av drift |

Tenesteyting – produksjon:

| Tal i matrisa: | Kategori: | Verknad: |
|----------------|--------------------------------|---------------------------------------|
| K1 | Ubetydeleg, ufarleg | Skadar for inntil kr 30 000 |
| K 2 | Mindre alvorleg, ein viss fare | Skadar mellom kr 30 000 og kr 300 000 |
| K 3 | Betydeleg, farleg | Skadar mellom kr 300 000 og 3 mill. |
| K 4 | Alvorleg, kritisk | Skadar mellom 3 mill og 30 mill. |
| K 5 | Svært alvorleg, katastrofal | Skadar for meir enn 30 mill. |

Med bakgrunn i ovannemnde kategoriar for sannsyn og konsekvens får vi då følgjande samlematrise: (obs - variant på sannsyn for kap. 1)

| | | Risikomatrixe | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---|----|--|----|----|----|----|-------------|---|----|----|----|----------------------------------|----|--|----|----|----|----|
| | | Liv og helse | | | | | Miljøskadar | | | | | Økonomiske og materielle verdiar | | | | | | |
| S5: Svært sannsynleg Ei hending per år eller oftare | S5 | | | | | | S5 | | | | | | S5 | | | | | |
| S4: Mykje sannsynleg > ei hending kvart 10. år, men < ei hending kvart år | S4 | | | | | | S4 | | | | | | S4 | | | | | |
| S3: Sannsynleg > ei hending kvart 50. år, men < ei hending kvart 10. år | S3 | | | | | | S3 | | | | | | S3 | | | | | |
| S2: Mindre sannsynleg > ei hending kvart 100. år, men < ei hending kvart 50. år | S2 | | | | | | S2 | | | | | | S2 | | | | | |
| S1: Lite sannsynleg Ei hending kvart 100. år eller sjeldnare | S1 | | | | | | S1 | | | | | | S1 | | | | | |
| | | K1 | K2 | K3 | K4 | K5 | | K1 | K2 | K3 | K4 | K5 | | K1 | K2 | K3 | K4 | K5 |
| K1: Ubetydeleg/ ufarleg | K1 | Ingen personskadar | | | | | K1 | Ingen miljøskadar eller forureining av omgjevnadene. | | | | | K1 | Skadar for < kr 30.000,- | | | | |
| K2: Mindre alvorleg | K2 | Få og små personskadar, korte sjukefravær | | | | | K2 | Mindre skadar på miljøet som utbetrast etter kort tid | | | | | K2 | Skadar for mellom kr 30.000 – 300.000,- | | | | |
| K3: Betydeleg | K3 | Få, men alvorlege personskadar, mange mindre personskadar (> 10) | | | | | K3 | Stort omfang – middels alvorlegheit, Lite omfang – høg grad av alvorlegheit | | | | | K3 | Skadar for mellom kr 300.000 – 3.000.000,- | | | | |
| K4: Alvorleg | K4 | Inntil 2 døde, og/eller 5 alvorleg skadde, og/eller > 10 evakuerte | | | | | K4 | Store og alvorlege miljøskadar | | | | | K4 | Skadar for mellom kr 3.000.000 og 30.000.000,- | | | | |
| K5: Svært alvorleg | K5 | X > 3 døde, og/eller > 6 alvorleg skadde, og/eller > 10 evakuerte. | | | | | K5 | Langvarig, i verste fall alvorleg skade på miljøet. | | | | | K5 | Skadar for > kr 30.000.000,- | | | | |

| | | Risikomatrise | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---|----|---|----|----|----|----|----------------------------|----|----|----|----|-------------|----|----|----|----|----|----|
| | | Samfunnsviktige funksjonar | | | | | Tenesteyting – Produksjon | | | | | Ikkje brukt | | | | | | |
| S5: Svært sannsynleg Ei hending per år eller oftare | S5 | | | | | | S5 | | | | | | S5 | | | | | |
| S4: Mykje sannsynleg > ei hending kvart 10. år, men < ei hending kvart år | S4 | | | | | | S4 | | | | | | S4 | | | | | |
| S3: Sannsynleg > ei hending kvart 50. år, men < ei hending kvart 10. år | S3 | | | | | | S3 | | | | | | S3 | | | | | |
| S2: Mindre sannsynleg > ei hending kvart 50. år, men < ei hending kvart 100. år | S2 | | | | | | S2 | | | | | | S2 | | | | | |
| S1: Lite sannsynleg Ei hending kvart 100. år eller sjeldnare | S1 | | | | | | S1 | | | | | | S1 | | | | | |
| | | K1 | K2 | K3 | K4 | K5 | | K1 | K2 | K3 | K4 | K5 | | K1 | K2 | K3 | K4 | K5 |
| K1: Ubetydeleg, ufarleg | K1 | Funksjon mellombels ute av drift, ikkje direkte skade, mindre avvik i drift | | | | K1 | Produksjonsstans < 1 veke | | | | K1 | | | | | | | |
| K2: Mindre alvorleg, ein viss fare | K2 | Funksjon mellombels ute av drift, mindre skade, alternative løysingar fungerer | | | | K2 | Produksjonsstans < 3 veker | | | | K2 | | | | | | | |
| K3: Betydeleg, farleg | K3 | Funksjon ute av drift fleire døger, mindre skade på alternativ løysing, stort driftsavvik | | | | K3 | Produksjonsstans > 3 veker | | | | K3 | | | | | | | |
| K4: Alvorleg, kritisk | K4 | Funksjonsstans i lengre tid, skade på eller manglande alternativ løysing, stort driftsavvik | | | | K4 | Produksjonsstans > 3 mnd | | | | K4 | | | | | | | |
| K5: Svært alvorleg, katastrofal | K5 | Funksjonen er permanent sett ut av drift | | | | K5 | Produksjonsstans > 1 år | | | | K5 | | | | | | | |

Kommentarar til den gjennomførte analysen

Generelt:

For dei ulike kapitla er det sett opp moglege risikoreduserande tiltak, med kostnad og ansvar. Dei 3 kostnadskategoriane er då definerte slik:

| | |
|----------|----------------------------|
| Låg: | Opp til kr 100 000 |
| Middels: | Mellom kr 100 000 og 1 mil |
| Høg: | Over 1 mill |

Kap. 1 – Klimaendringar og naturlukker

Her har ein vald å fylle ut den 6. matrisa med økonomiske konsekvensar for samfunnet. Dette låg utanfor malen, og dei andre kapitla har ikkje den 6. matrisa med. Dette kan eventuelt vurderast ved neste revisjon.

I tillegg er det utarbeidd eit samleskjema som syner samanhengen mellom forvaltningsnivåa og korleis tiltak kan fungere ilag eller fylle ut kvarandre. Dette kan vere eit fruktbart utgangspunkt for heilskapleg tenking, og skjemaet er lagt ved som eit vedlegg.

Hendingar:

- Ingen hendingar i raud sone
- Hendingar i gul sone er ekstremnedbør, vind, kulde og snø, flaum og stormflo (krev oppfølging og tiltak)

Kap. 2 – Epidemiar og helseberedskap

Det vert for dette kapitlet vist til Smittevernplan for Meland kommune, sist revidert og godkjent i kommunestyret i 2011.

Hendingar:

- Hendingar i raud sone for epidemiske sjukdommar (pandemi og annan alvorleg epidemi):
- Hendingar i gul sone (krev oppfølging og tiltak) er
 - o Utbrot av ulike smittsame sjukdommar som multiresistente staffylococcus aureus
 - o smittestoff i matvarer eller i vatn
 - o legionella
 - o sesonginfluensa
 - o pandemi og annan alvorleg epidemi
 - o utbrot av visse allmennfarlege sjukdommar.

Kap. 3 – Fiskesjukdommar og oppdrett – dyresjukdommar og landbruk

For dette kapitlet er det berre nytta 3 matriser, då det vart vurdert som ikkje relevant å vurdere samfunnsviktige funksjonar og produksjon.

Hendingar

- Ingen hendingar i raud sone
- Hendingar i gul sone (krev oppfølging og tiltak)
 - o Fisk
Fiskesjukdommar, lakselus, rømming, død fisk, ballastvatn
 - o Husdyr
Salmonellose, blåtunge, skrapesjuka, fotråte, rabies

Kap. 4 – Kritisk infrastruktur

Hendingar

- Ingen hendingar i raud sone
- Hendingar gul sone (krev oppfølging og tiltak):
 - o Drikkevatn
Farge på vatnet, forureining i vassleidningsnett, kjemisk forureining i Storavatnet, brot på overføringsleidning, fekal forureining Storavatnet, brot på overføringsleidning Meland vassverk
 - o Svikt i energiforsyning:
Middels straumstans sjukeheim og helseinstitusjonar
 - o Svikt i kritisk infrastruktur – vatn og avlaup
Kortare straumstans Meland vassverk, middels straumstans Meland vassverk og og Husebø vassverk
 - o Svikt i kritisk infrastruktur
Oppdrett og landbruk
 - o Transportsektoren
Sjø

Kap. 5 – Storulukker, masseskadar, atomulukker og radioaktiv stråling

Hendingar

- Hendingar i raud sone i desse områda:
 - o Transportulukker farleg gods
 - o Masseskadar brann
 - o Havariuhell med næringstrafikk på sjø

- Hendingar i gul sone (krev oppfølging og tiltak):
 - o Storulukker og masseskadar
Storulukker knytt til oppbevaring og lagring av farleg stoff, masseskadar på veg, transportulukker farleg gods, luftfart, masseskadar brann og transportulukker med farleg gods
 - o Atomulukker og radioaktiv stråling
Uhell ved sivile radioaktive kjelder, ulukker ved kjernefysiske anlegg og transport av radioaktivt materiale
 - o Akutt forureining
Utslepp frå landtransport, utslepp frå skip og utslepp frå landbasert industri og bunkersanlegg.

Vidare arbeid med grunnlag i overordna ROS-analyse

For dei områda der det er avdekka trong for tiltak, må det utarbeidast planar for dette. For fleire område er tiltaks- og handlingsplanar allereie på plass, men det kan likevel vere grunnlag for ein gjennomgang av desse.

Nødvendige tiltak som har økonomiske konsekvensar vil bli innarbeidd i budsjett/økonomiplan og lagt fram til politisk handsaming.

1. Klimaendringar og naturulukker


Utgangspunktet for dette kapitlet er å vurdere risiko for at naturhendingar kan føre til skade på liv, helse, miljø og økonomiske konsekvensar. Årleg fører naturhendingar til skade på materielle verdiar i Meland kommune. Hendingane kan og representere ein fare for liv og helse, men generelt er det eit fåtal dødsfall knytt til naturulukker. Dei førespegla klimaendringane vil medføre at det oftare kan førekome naturhendingar med konsekvensar.

Kommunen har ansvar for at byggegrunnen er trygg, jf pbl § 28-1: "Grunn kan bare bebygges... dersom det er tilstrekkelig sikkerhet mot fare eller vesentlig ulempe som følge av natur- eller miljøforhold." Ein må difor følgje opp dette i plan- og miljøarbeid. Førebyggjande arbeid gjennom mellom anna areal- og reguleringsplan og ved gjennomføring av det ein skilde tiltak gjev grunnlag for å reise trygge bustader og skape gode nærmiljø.

Risiko for naturulukker som skred, flaum og skogbrann er vurdert. Vidare er ekstremnedbør, høgare havnivå og sterk vind viktige tema der sannsynet kan auke i framtida viss forventa klimaendringar slår til. Samfunnsutvikling er eit tverrfagleg arbeid der premissane stadig endrast. Temaet risiko og beredskap sett i høve til klima er ein faktor som ein søker å ta nautsynt omsyn til.

Utslepp av klimagassar og auka konsentrasjon av desse i atmosfæren vil ha direkte effekt på m.a. temperatur, nedbør, vind og havnivå. Vi ser endringar allereie i dag, og forskning viser at klimaet vil endre seg meir dei neste 100 åra. Det vil verte endringar sjølv om globale utslepp av klimagassar vert sterkt redusert.

Meland kommune har utarbeidd kommunedelplan for klima og energi (vedteken 14.12.2011). Klimatilpassing er eit viktig tema i planen og det vert vist til denne for breiare omtale av tema. ROS-analysen byggjer på klimaplanen, FylkesROS Hordaland (2009) og tilsvarande analyse for Lindås kommune.



1.1. Naturhendingar

| 1.1.1. Ekstremnedbør | | | |
|---|---|--|--|
| <p>RegClim sine prognosar tilseier at den årlege nedbørmengda vil auka med ca. 20% på Vestlandet dei neste 50 åra. Det vil koma mest nedbør om hausten og vinteren og det vil oftare enn før vera periodar med mykje nedbør på kort tid. Det er venta 75% fleire ekstremnedbørsdøgn fram mot år 2100. Ekstremnedbør hjå oss er typisk mykje nedbør over 12 timar, ein har t.d. målt verdiar på over 60mm på ein halvtime.</p> | | | |
| ROS-analyse | Moglege risikoreduserende tiltak | Kostnad | Ansvar |
| <p>Sannsyn Ekstremnedbør kan ramme lokalt fleire gongar i løpet av ein 10-årsperiode, og er difor mykje sannsynleg (S5). Ekstremnedbør som råkar større geografiske område vert rekna som lite sannsynleg.</p> | <ul style="list-style-type: none"> Planarbeid tek omsyn til konsekvensane av auka nedbør, spesielt ekstrem nedbør over kort tid Avgrensa areal med harde overflater Ta i vare areal som kan utgjere fordrygingsbasseng, til dømes grøntområde | Låg | MK |
| <p>Konsekvensar</p> <ul style="list-style-type: none"> Konsekvensane er ufarlege (K1) for liv og helse, særleg for hendingar som utløyser ras eller medfører ureining av drikkevatt Konsekvensane for miljøet vil normalt vere uvesentlege eller mindre (K1/K2), men i område med store, lukka flater kan overfløyming ta med seg forureinande stoff og konsekvensane kan verte betydelege (K2/K3) Dei økonomiske konsekvensane vil ofte vere små, om hendinga skjer i mindre tettbygde område. Kostnadane ved ekstremnedbør kan likevel verte betydeleg (K1-K3) i storleiken inntil 3mill kr. Dette gjeld særleg i tettbygde område med store lukka flater, som industriområde og enkelte bustadområde m.m. Ekstremnedbør kan gjere stor skade på vegar, særleg er grusvegar utsett | <ul style="list-style-type: none"> Ta i vare eksisterande og naturlege dreneringskanalar Sikre at avløp vert tilstrekkeleg dimensjonert Betre rutinar i samband med kommuneplan og reguleringsplan Tidleg samhandling mellom arealplan, byggesak og teknisk drift Kartlegging av risikoområde (dreneringssystem, grusvegar) Utbetring av dreneringssystem etter kartlegging Eventuelt asfaltering av grusvegar | Låg Middels Middels Låg Middels/Høg Låg/Middels Låg/Middels Middels/Høg Middels/Høg Høg | MK MK MK MK MK MK Mk Mk MK |
| <p>Prioriterte risikoreduserende tiltak</p> <ul style="list-style-type: none"> DriftsROS - Gjennomføring, drift og vedlikehald, tekniske tiltak TiltaksROS - Plassering, omsyn i plankart, sikring, dokumentasjon (Byggesak) RegplanROS - ROS-analyse for planområde, innhald føresegn, omsyn i plankart KomROS - Strategiske val (busetnad, beredskap mm), økonomi, beredskap FylkesROS - Sjå Vedlegg tab.1 Samanheng mellom forvaltningsnivå | | | |

1.1.2 Kulde og snø

Det er sannsynleg at kulde og snø kan føre til problem, særleg for infrastrukturen i kommunen.

- Store snømengder kan medføre kritisk snølast på bygningar, slik at det oppstår risiko for samanrasing
- Tilfrosne bekkeløp og slukar, hurtig avrenning av terreng og at brøytekanter hindrar naturleg avrenning, fører til opphoping i elver og bekkar, overvatn på vegbane og skadar på veg, eigedom etc.
- Kommunen har alt rutinar for skadeavbøtande tiltak, og det er foreslått nokre nye tiltak for betre førebygging, inkludert oppfølging i plan- og byggesaker. På lang sikt kan skade førebyggjast ved at grusveggar vert asfalterte og at dreneringsanlegg vert utbetra
- Kulde er ein aktuell fare i kombinasjon med langvarig straumbrot. Sjå vurderingar knytt til svikt i kritisk infrastruktur.

| ROS-analyse | Moglege risikoreduserande tiltak | Kostnad | Ansvar |
|---|--|-------------|--------|
| <p>Sannsyn Uønska hendingar som følgje av periodar med særleg sterk kulde eller mykje snø, vert vurdert å vere mindre sannsynleg (S2). Det vil sei at ein reknar med det kan inntreffe kvart 50. år. Skilje mellom snø og frostskaade, særleg gjenfrysing</p> | <ul style="list-style-type: none"> • Etablering av tilsyn med kommunale bygningar i snørike perioder • Asfaltering av grusveggar kan redusere risiko for skade ved store snø- og ismengder • Utbetring av dreneringsanlegg gjer at dei ikkje så lett vert tilstoppa av snø og is • Utvikle rutinar for å sikre at bygningar vert dimensjonerte for tung snølast i byggjesakshandsaminga, i samsvar med regelverket | Låg/Middels | MK |
| <p>Konsekvensar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skade pga store snømengder kan ha betydeleg konsekvens (K3), men lite sannsyn (S1). Hendingar pga kulde (gjenfrysning o.l.) kan skje (S3/S4), men har mindre konsekvens (K2) • Hendingar som følgje av sterk kulde eller store snømengder kan i visse tilfelle føre til forureining av miljø, både jord, elvar og vatn (S1/S2), men konsekvensane vil vere mindre alvorlege (K2) • Når det gjeld økonomi, kan kulde/snø medføre trafikkforstyringar p.g.a. skade på vegar, mellombels tap av arbeidsplassar, skade på infrastruktur, kablar, rør, infisering av drikkevassmagasin og øydelagde bygningar (S3). Redusert avrenning pga. snø og tilfrosne bekkeløp og avløp er òg ein reell fare • Den økonomiske konsekvensen kan verte betydeleg, opp mot 3 mill kr (K3). | | Middels/Høg | MK |
| <p>Prioriterte risikoreduserande tiltak</p> <ul style="list-style-type: none"> • DriftsROS – Gjennomføring, drift og vedlikehald, tekniske tiltak • TiltaksROS – Plassering, omsyn i plankart, sikring, dokumentasjon (Byggesak) • RegplanROS – ROS-analyse for planområde, innhald føresegn, omsyn i plankart • KomROS – Strategiske val (busetnad, beredskap mm), økonomi, beredskap • FylkesROS – Sjå Vedlegg tab.1 Samanheng mellom forvaltningsnivå | | Middels/Høg | MK |
| | | Låg/Middels | MK |

| 1.1.3 Stormflo | | | |
|---|--|-------------|----------------------|
| <p>Stormflo oppstår ved samanfall av høgt astronomisk tidevatn, sterk vind og høge bølger.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er sannsynleg at vasstand opp til 230cm over sjøkartnull vil inntreffe i Meland, i tillegg kjem høge bølger. • Konsekvensane av dette er store når det gjeld materielle skadar. Forebyggjande tiltak bør setjast i verk for å hindre at nye bygg og anlegg vert utsett for skadar. Når det gjeld eksisterande bygg er dette eigarane sitt ansvar. Kommunen eig kaiar og vegar, tiltak vert tilrådd her. | | | |
| ROS-analyse | Moglege risikoreduserande tiltak | Kostnad | Ansvar |
| <p>Sannsyn Vasstand opptil 230cm er venta om lag kvart 20.år, medan vasstand opptil 222cm er venta om lag kvart 10.år (S3/S4).</p> | <ul style="list-style-type: none"> • Rettleiing til utbyggjarar om plassering av tiltak og val av robuste materialar (del av byggjesaks- handsaminga) • Planlegging og utbygging av tiltak skal utførast slik at ikkje bygg og anlegg tek skade av høg vasstand (2,5–3m) • Opprusting/vedlikehald av kommunal infrastruktur som kaianlegg, vegar, vegfylling m.m. slik at ikkje skade oppstår ved høg vasstand • Rettleiing til utbyggjarar om plassering av tiltak og val av materialar i samband med byggjesaksbehandsaming • Føresegnene til arealplanar (kommuneplan og reguleringsplan) skal ha formulering om at nye tiltak må vere tilpassa høg vasstand | Låg/Middels | MK |
| <p>Konsekvensar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det vert ikkje rekna med personskeadar, miljøskadar eller ureining av omgjevnadene som følgje av stormflo (K1) • Ved stormflo vil det bli materielle skadar på bygg og anlegg i strandsona (K2/K3) • Sårbare punkt kan vere vegfyllingar og eldre kaiar. Kommunen eig ein del kaiar som kan vere sårbare (K2) • Materielle/økonomske skadar/tap vil truleg vere avgrensa opp til 10 mill kr, og skadane vil då verte rekna som betydeleg (K3). | | Låg | MK Prosjekterande |
| <p>Prioriterte risikoreduserande tiltak</p> <ul style="list-style-type: none"> • DriftsROS – Gjennomføring, drift og vedlikehald, tekniske tiltak • TiltaksROS – Plassering, omsyn i plankart, sikring, dokumentasjon (Byggesak) • RegplanROS – ROS-analyse for planområde, innhald føresegn, omsyn i plankart • KomROS – Strategiske val (busetnad, beredskap mm), økonomi, beredskap • FylkesROS – Sjå Vedlegg tab.1 Samanheng mellom forvaltningsnivå | | Låg/Middels | MK |
| | | Låg | MK |

| 1.1.4 Skogbrann | | | |
|---|--|---------|-------------|
| <p>I Meland er det område med mykje skog, lyngheier og einemark.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Totalt areal er om lag 90000da og av dette er om lag 35000da produktiv skog og 10000da jordbruksareal. Vatn, fjell og anna grunn utgjer om lag 45000da • Det har vore hendingar med brann i gras og kratt, men då desse ikkje er definert som skogbrann påverkar dei difor ikkje sannsyn i analysen, men dei kan utvikle seg til ein skogbrann, men sannsynet for dette er lågt • Kommunen har gode planar for førebygging og beredskap når det gjeld skogbrann, det er difor ikkje foreslått nye tiltak i analysen. | | | |
| ROS-analyse | Moglege risikoreduserande tiltak | Kostnad | Ansvar |
| <p>Sannsyn</p> <p>I følge statistikk for Lindås og Meland har det vore 50 brannar i skog og mark i perioden 2005 til 2009. Dette viser at små brannar er svært sannsynleg (S5). Større hendingar er sjeldnare, og ein reknar difor med at sannsynet for meir alvorlege skogbrannar er sannsynleg, med ei hending kvart 10. – 50. år (S3).</p> | <ul style="list-style-type: none"> • Det er viktig at ein i planlegging og vedlikehald tek tilbørleg omsyn til at vegetasjon med kratt og småskog må haldast på tilstrekkeleg avstand frå bustader, industri og kritisk infrastruktur. Døme på dette er at trafostasjonar og høgspenitanlegg kan verte sette ut av drift ved skogbrann • Rydding av skog og vegetasjon kring kommunale bygg og installasjonar. | Låg | MK Andre |
| <p>Konsekvensar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det vert berre rekna med få og små personskadar på grunn av skogbrann (K2) • Miljøskadane ved skogbrann er normalt små og utbetrast etter kort tid (K2) • Hus i nærleiken kan ta til å brenna, og lysstolpar kan ta fyr. Skogbrann kan verta omfattande avhengig av vêrsituasjonen, ved sterke vindar vil skadeomfanget verta stort • Skogbrannar kan få stor konsekvens for tap av trevirke for grunneigar. • Materielle/økonomiske skadar/tap kan truleg avgrensast opp til 10 mill kr (K4) | | Middels | MK |
| <p>Prioriterte risikoreduserande tiltak</p> <ul style="list-style-type: none"> • DriftsROS – Gjennomføring, drift og vedlikehald, tekniske tiltak • TiltaksROS – Plassering, omsyn i plankart, sikring, dokumentasjon (Byggesak) • RegplanROS – ROS-analyse for planområde, innhald føresegn, omsyn i plankart • KomROS – Strategiske val (busetnad, beredskap mm), økonomi, beredskap • FylkesROS – Sjå Vedlegg tab.1 Samanheng mellom forvaltningsnivå | | | |

| 1.1.5 Fjellskred | | | |
|--|--|---------|--------|
| <p>Fjellskred er lite sannsynleg i kommunen. Konsekvensen for menneske, liv og helse og for miljøet er normalt mindre alvorlege. Konsekvensane for økonomiske og materielle verdiar kan vere betydelege. Det trengst i utgangspunktet ikkje setjast i verk andre tiltak enn oppfølging gjennom arealplanlegginga, noko som alt er på plass gjennom krav til ROS-analysar for nye byggjeområde. I tillegg må sikring langs eksisterande vegar følgjast opp kontinuerleg av vegeigar</p> | | | |
| ROS-analyse | Moglege risikoreduserande tiltak | Kostnad | Ansvar |
| <p>Sannsyn Mindre steinsprang/fjellskred er ikkje vanleg, men kan skje (S1) Aktsemdskart for steinsprang (Skrednett) syner område/infrastruktur som kan vere utsett.</p> <p>Middels og store fjellskred samt utrasing av fjellparti som gjer vesentleg skade på infrastruktur eller bygde område er lite sannsynleg (S1). Det er lite truleg at frekvensen av fjellskred vil auka vesentleg som følgje av klimaendringar.</p> | <ul style="list-style-type: none"> • Ta omsyn til skredfare ved all arealplanlegging, og slik sørgje for at nye bygg og anlegg vert plassert utanfor fareområde • Sikring av eksisterande, skjeringar, steinsprangnett osv. på kommunale vegar. Rutinar for vedlikehald • Sørgje for at nye bygg og anlegg vert plassert utanfor fareområde | Låg | MK |
| <p>Konsekvensar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Fjellskred kan medføre tap av menneskeliv, stenging av veg, og dermed forseinking av t.d. utrykkingskøyretøy (K2) • Steinsprang har normalt mindre alvorleg konsekvens (K2). Dei små, "daglegdagse" steinspranga vil ha ubetydeleg konsekvens for menneske, liv og helse (K1) • Skadar på vegetasjonen som som følgje av steinsprang/fjellskred vil utbetre seg sjølv og ha mindre alvorleg konsekvens (K1) • Små fjellskred vil berrene medføre skadar på vegdekke, bilar eller installasjonar. • Konsekvensen av fjellskred for økonomiske og materielle verdiar kan verte betydeleg (K3), då fleire kommunale vegar er utsette for steinsprang/skred | | Middels | MK |
| <p>Prioriterte risikoreduserande tiltak</p> <ul style="list-style-type: none"> • DriftsROS – Gjennomføring, drift og vedlikehald, tekniske tiltak • TiltaksROS – Plassering, omsyn i plankart, sikring, dokumentasjon (Byggesak) • RegplanROS – ROS-analyse for planområde, innhald føresegn, omsyn i plankart • KomROS – Strategiske val (busetnad, beredskap mm), økonomi, beredskap • FylkesROS – Sjå Vedlegg tab.1 Samanheng mellom forvaltningsnivå | | | |

1.1.6 Flaum og flaumskred

Sannsynet for flaum, og delvis også for flaumskred, er lite i kommunen. Sannsynet vil berrene auke i framtida pga. klimaendringar. Konsekvensane av flaum og flaumskred er som oftast svært avgrensa, og råkar for det meste dyrka mark.

| ROS-analyse | Moglege risikoreduserande tiltak | Kostnad | Ansvar |
|---|--|---------|--------|
| <p>Sannsyn Vassdraga i Meland er små og korte og vatnet vert ført raskt til sjøen. Lite snø om vinteren avgrensar og flaumfaren (S3). Vassdraga ligg i naturlege omgjevnader som ikkje mogleggjer flaumfare. Mindre skred eller utrasing vil kunne gje avgrensa eller lokal flaumverknad. Ved auka nedbørsmengder er det lite sannsyn for at høg vassføring vil medføre konsekvensar for samfunnet (S2).</p> <p>Frekvensen av flaumskred vil berrene auke som følgje av klimaendringar. Det er venta at den årlege nedbørsmengda vil auka med ca. 20%. på Vestlandet dei neste 50 åra, og det vil oftare enn før vera periodar med mykje nedbør på kort tid.</p> | <ul style="list-style-type: none">• Planleggingsfase – Ta omsyn til flaum- og flaumskredfare ved all arealplanlegging (ROS-analyse)• Betre beredskap i brannvesenet• Veganlegg, bru, kai, forebygging, VA-anlegg | Låg | MK |
| <p>Konsekvensar</p> <ul style="list-style-type: none">• Flaumskred og flaumar kan ta med seg bygningar og kritisk infrastruktur, med fare for tap av liv, men liten eller mindre konsekvens (K1 /K2) for liv og helse• Miljømessige konsekvensar av flaumar og flaumskred er mindre alvorleg (K2)• Små flaumar og flaumskred vil særleg råke dyrka mark og vegar/annan infrastruktur• Større flaumar og flaumskred kan medføre øydelegging av bygningar og vesentleg skade på kritisk infrastruktur med økonomisk konsekvens for kommunen (K2) | | Middels | MK |
| <p>Prioriterte risikoreduserande tiltak</p> <ul style="list-style-type: none">• DriftsROS – Gjennomføring, drift og vedlikehald, tekniske tiltak• TiltaksROS – Plassering, omsyn i plankart, sikring, dokumentasjon (Byggesak)• RegplanROS – ROS-analyse for planområde, innhald føresegn, omsyn i plankart• KomROS – Strategiske val (busetnad, beredskap mm), økonomi, beredskap <p>FylkesROS – Sjå Vedlegg tab.1 Samanheng mellom forvaltningsnivå</p> | | | |

| 1.1.7 Jordskred | | | |
|---|---|---------|--------|
| <p>Jordskred vert rekna som ei mindre sannsynleg hending i kommunen, og frekvensen vil truleg ikkje auka som følgje av klimaendringar. Konsekvensen av jordskred er størst for dyrka mark og vegar, altså materielle og økonomiske verdiar. Konsekvensen for miljøet og menneske, liv og helse er lågare. Viktigaste tiltak mot jordskred er å ta omsyn til faren ved planlegging av nye bygge- og anleggstiltak, neste er sikring av eksisterande tiltak.</p> | | | |
| ROS-analyse | Moglege risikreduserande tiltak | Kostnad | Ansvar |
| <p>Sannsyn Det er lite morenemateriale i dei bygde delane av kommunen, og dekket er som oftast tynt. Det er lite sannsynleg (S1) at jordskred vil førekoma i kommunen. Jordskred med konsekvensar for samfunnet eller tap av liv er lite sannsynleg (S1).</p> <p>Forskningsprosjektet GeoExtreme sine prognosar tilseier at det kan verte ei mindre auke i fare for jordskred på Vestlandet som følgje av klimaendringar.</p> | <ul style="list-style-type: none"> • Unngå bygging i skredutsette område, ved at skredfare vert teke omsyn til i arealplanlegginga (ROS-analysar). | Låg | MK |
| <p>Konsekvensar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Konsekvensen av jordskred for menneske, liv og helse vil normalt vere ubetydeleg eller mindre alvorleg (K1/K2) • Jordskred som tek med seg bygningar, ureine massar eller installasjonar kan medføre miljøskadar. Jordskred vil normalt ha mindre alvorleg konsekvens (K2) for miljøet • Jordskred vil berre ha konsekvensar for dyrka mark og infrastruktur, sjeldnare også for bygningar • Jordskred vil berre ha betydeleg økonomisk konsekvens om kommunale vegar går med (K2). | | | |
| <p>Prioriterte risikoreduserande tiltak</p> <ul style="list-style-type: none"> • DriftsROS – Gjennomføring, drift og vedlikehald, tekniske tiltak • TiltaksROS – Plassering, omsyn i plankart, sikring, dokumentasjon (Byggesak) • RegplanROS – ROS-analyse for planområde, innhald føresegn, omsyn i plankart • KomROS – Strategiske val (busetnad, beredskap mm), økonomi, beredskap • FylkesROS – Sjå Vedlegg tab.1 Samanheng mellom forvaltningsnivå | | | |

| 1.1.8 Snøskred | | | |
|---|---|---------|--------|
| <p>Snøskred og isnedfall kan få betydeleg konsekvens for menneske, liv og helse, då særleg i form av snøskred i fjellet, men også pga. isnedfall på vegar. Risikoen for snøskred over offentlege vegar er minimal. Det trengst i utgangspunktet ikkje setjast i verk andre tiltak enn oppfølging gjennom arealplanlegginga, noko som alt er på plass gjennom krav til ROS-analysar for nye byggeområde. I tillegg må sikring langs eksisterande vegar følgjast opp.</p> | | | |
| ROS-analyse | Moglege risikoreduserande tiltak | Kostnad | Ansvar |
| <p>Sannsyn Det er ingen eller liten fare (S1) for snøskred i Meland kommune. Moglege område med risiko vil vere sør og aust på Eldsfjellet. Ved større snømengder eller opphoping av is er det fare i bratte fjellsider. Snøskred som råkar infrastruktur er ikkje sannsynleg (S1). Vintrar med meir varierende klima aukar faren for snøskred / isnedfall. Isnedfall på vegar, ved tunnelopningar og langs vegskjeringar er svært sannsynleg (S5).</p> | <ul style="list-style-type: none"> • Ta omsyn til skredfare ved all arealplanlegging, og slik sørgje for at nye bygg og anlegg vert plassert utanfor fareområde (ROS-analyse) • Unngå bratte vegskjeringar o.l. der vatn kan samla seg opp og fryse til • Fjerning av is i skjeringar langs kommunale vegar (dette er det rutinar for i dag) | Låg | MK |
| <p>Konsekvensar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ingen vinterutfartsområde i Meland kommune som er utsette for snøskred • Snøskred i fjellet kan ha betydelege konsekvensar (K3) for menneske, liv og helse. Stenging av veg kan føra til forseinking av utrykkingskøyretøy (K1) • Isnedfall vil truleg utgjere mindre fare for menneske, liv og helse (K1) • Konsekvensen for miljøet vil vere utbetydeleg (K1) • Moglege økonomiske konsekvensar er snøskred som råkar infrastruktur (vegar) og isnedfall til veg som kan medføre skade på bilar (K2) • Økonomiske konsekvensar som følgje av både snøskred og isnedfall vil som oftast vere mindre alvorlege (K2) | | Middels | MK |
| <p>Prioriterte risikoreduserande tiltak</p> <ul style="list-style-type: none"> • DriftsROS – Gjennomføring, drift og vedlikehald, tekniske tiltak • TiltaksROS – Plassering, omsyn i plankart, sikring, dokumentasjon (Byggesak) • RegplanROS – ROS-analyse for planområde, innhald føresegn, omsyn i plankart • KomROS – Strategiske val (busetnad, beredskap mm), økonomi, beredskap • FylkesROS – Sjå Vedlegg tab.1 Samanheng mellom forvaltningsnivå | | | |

| 1.1.9 Vind | | | |
|--|--|-------------|-------------|
| <p>Det er venta ein auke av vindkast opp til 40m/s og meir (Bergen). Kraftige skadestormar kan kome oftare. Gjennomsnittleg vindhastigheit er venta å auke, særleg i vinterhalvåret. Dette vil berre ha øydeleggjande verknad på omgjevnadene og medføre person- og materielle skadar. Sannsynet for sterk vind er stort og ligg på S4/(Meir enn 1 hending kvart 10. år, men mindre enn 1 hending pr. år). Vind har dei største konsekvensane når det gjeld økonomi K4 (alvorleg). Det finst nesten ingen førebyggjande tiltak som reduserar sannsynet (plan- og bygningslova og teknisk forskrift). Skadeavgrensande tiltak (reduserar konsekvensar) går ut på bruk av beredskap og kommunikasjonsplan og samordning mellom kommunen og andre etatar.</p> | | | |
| ROS-analyse | Moglege risikoreduserande tiltak | Kostnad | Ansvar |
| <p>Sannsyn Sannsynet for sterk vind er stort og ligg på S4.</p> | <ul style="list-style-type: none"> • Praktisering av lovverk (pbl, TEK) i høve nye bygg og anlegg. Tema i arealplanlegging (ROS) • Utbetring av eksisterande bygg (også gardsbruk), eigar sitt ansvar • Linerydding/jordkabling av lavspente leidningar (ikkje kommunalt ansvar). Kommunen må påverke lineieigar til å ta ansvar for dette i utsette område • Oppdatering av beredskaps- og kommunikasjonsplan • Backup med naudstraums-aggregat, dersom det viser seg naudsynt for kommunen. | Låg | MK |
| <p>Konsekvensar Personskadar kan førekome, og dødsfall kan skje ein sjeldan gong. Konsekvensane for menneske, liv og helse vert likevel rekna å vere mindre alvorlege (K2). Det vert ikkje rekna med skadar på miljøet som følgjer av sterk vind (K1). Sterk vind kan medføre øydeleggjande verknad på omgjevnadene med materielle skadar, som brot på infrastruktur (straumbrot, brot på telesambandet), skade på bygningar, nedfall av skog, stengte vegar (K3).</p> | | Høg | MK Andre |
| <p>Prioriterte risikoreduserande tiltak</p> <ul style="list-style-type: none"> • DriftsROS – Gjennomføring, drift og vedlikehald, tekniske tiltak • TiltaksROS – Plassering, omsyn i plankart, sikring, dokumentasjon (Byggesak) • RegplanROS – ROS-analyse for planområde, innhald føresegn, omsyn i plankart • KomROS – Strategiske val (busetnad, beredskap mm), økonomi, beredskap • FylkesROS – Sjå Vedlegg tab.1 Samanheng mellom forvaltningsnivå | | Låg/Middels | MK |
| | | Låg | MK |
| | | Låg | MK |

| 1.1.10 Andre hendingar | | |
|---|------------|--|
| Hendingar som har lite sannsyn eller som har små konsekvensar er det ikkje utarbeidd skjema med risikomatrise for. Ettersom gruppa likevel har vurdert nokre slike hendingar, er dei teken med som informasjon. | | |
| | Sannsyn | Nivå/ansvar |
| <ul style="list-style-type: none"> • Vulkanutbrot og solstorm er vurdert til å vere så lite sannsynleg at det ikkje er nærare handsama i analysen | Svært lite | FylkesROS |
| <ul style="list-style-type: none"> • Jordskjelv – I Meland vert det jamt registrert små skjelv, men desse er som regel godt under 2 på Richters skala, noko som inneber at dei berre kan registrerast av seismiske måleinstrument. Det viser likevel at ein ikkje kan sjå vekk frå jordskjelv. Eit jordskjelv må ha ein magnitudo på ca. 4 før det er fare for skade. Eit jordskjelv med episenter i ein nabokommune vil også berre råka Meland, slik at ein her bør leggje FylkesROS for Hordaland til grunn. Der vert det vurdert som lite sannsynleg (ein gong kvart 5. – 50. år) at eit skjelv med magnitudo 4,5 (svakt skjelv) rår Hordaland. Ein reknar ikkje med at eit skjelv med magnitudo 6 (sterkt skjelv) eller meir vil berre råke Hordaland oftare enn kvart 500. år | Svært lite | FylkesROS RegionsROS |
| <ul style="list-style-type: none"> • Lyn og torden – Noreg ligg i ein del av verden med forholdsvis få lynnedslag. I Noreg oppstår det oftare torevêr i indre strøk enn ute ved kysten om sommaren på grunn av kraftigare oppvarming av jordoverflata. Om vinteren førekjem derimot torevêr nesten berre langs kysten, særleg på Vestlandet. Det kan oppstå brann som følgje av lynnedslag, men dette fører sjeldan til alvorlege skadar på bustader, menneske og kraftliner | Sannsynleg | TiltaksROS DriftsROS |
| <ul style="list-style-type: none"> • Generelt høgare havnivå – Sannsynet for at havnivået vil stige med 73cm fram mot 2100 er stor (jf prognosar referert i klima- og energiplan for Meland kommune). Konsekvensane av dette vil vere at ein del bygg og anlegg vil verte fløymd over. I Meland stig landet stort sett raskt opp frå sjøen og det er få område med busetnad om vil verte råka, det er heller ingen tettstader lokalisert ved sjø. Ein del kaiar og eldre anlegg ved sjø vil verte råka og kan verte farlege å bruke, noko av dette har verdi som kulturminne, til dømes dampskipskaiane. Framtidige bygg og anlegg må difor utførast slik at dei ikkje tek skade av høg vasstand (2,5–3m). I ROS-analysen er det foreslått tiltak for stormflo, dersom desse tiltaka vert gjennomførte vil samfunnet verte meir robust også for generelt høgare havnivå | Sannsynleg | FylkesROS KomplanROS RegplanROS TiltaksROS DriftsROS |

| 1.1.10 Andre hendingar | | |
|---|--|--|
| Hendingar som har lite sannsyn eller som har små konsekvensar er det ikkje utarbeidd skjema med risikomatrise for. Ettersom gruppa likevel har vurdert nokre slike hendingar er dei teke med som informasjon. | | |
| | Sannsyn | Nivå/ansvar |
| <ul style="list-style-type: none"> • Ballastvatn – Det er utarbeidd ei ny forskrift for ballastvatn (tredde i kraft 1.7.10), føremålet med denne er å hindre spreiding av framande artar via ballastvatn og sediment. Tema ballastvatn vert elles handsama under kapittelet om fiskesjukdomar, oppdrett, dyresjukdomar og landbruk • Temperaturauke – Prognosane viser at temperaturen vil stige med 2,4–2,8 °C i Meland fram mot 2100. Høgare havtemperatur kan føre til at fleire framande artar etablerer seg i norsk natur. Dei kan verte innført gjennom til dømes ballastvatn. Det er vanskeleg å oppdage at framande artar er i ferd med å etablere seg, og når dei først er etablert, er det nærast umogleg å utrydde dei. Døme er japansk sjølyng som har etablert seg på kysten og som er trugsmål mot andre artar som m.a.ålegras • Insektborne sjukdomar kan verte meir utbreidd i Noreg når temperaturen stig. Innføring av nye artar kan og verte trugsmål mot oppdretts- og fiskerinæringa, (t.d algeoppblomstring), og vil berre få store økonomiske konsekvensar. • Tsunami – Ein tsunami er ei særleg kraftig bølge som kan gå langt innover land og føra til stor skade. Slike bølger kan verte utløyst av kraftige jordskjelv eller til dømes av eit stort, undersjøisk skred på kontinentalsokkelen. I fjordbasseng kan ein tsunami verte årsaka av at eit større fjellparti rasar ut. Det vert rekna som lite sannsynleg at ein tsunami skal råka Meland. | <p>Svært sannsynleg</p> <p>Sannsynleg</p> <p>Sannsynleg</p> <p>Lite sannsynleg</p> | <p>FylkesROS RegionsROS KomplanROS</p> <p>FylkesROS</p> <p>FylkesROS KomplanROS</p> <p>FylkesROS RegionROS</p> |

| K2: Mindre alvorleg, ein viss fare | K2 | Funksjon mellomstans ute av drift, mindre skade, alternative løysingar fungerer | | | | | K2 | Produksjonsstans < 3 veker | | | | | K2 | | | | | | | |
| K3: Betydeleg, farleg | K3 | Funksjon ute av drift fleire døger, mindre skade på alternativ løysing, stort driftsavvik | | | | | K3 | Produksjonsstans > 3 veker | | | | | K3 | | | | | | | |
| K4: Alvorleg, kritisk | K4 | Funksjonsstans i lengre tid, skade på eller manglande alternativ løysing, stort driftsavvik | | | | | K4 | Produksjonsstans > 3 mnd | | | | | K4 | | | | | | | |
| K5: Svært alvorleg, katastrofal | K5 | Funksjonen er permanent sett ut av drift | | | | | K5 | Produksjonsstans > 1 år | | | | | K5 | | | | | | | |

Definisjonar KMV – Kortare straumstans Meland vassverk 0 – 4t
 KHV –Kortare straumstans Husebø vassverk 0 – 4t

 MMV – Middels straumstans Meland vassverk 4t – 5 dg
 MHV – Middels straumstans Husebø vassverk 4t – 5 dg

| 4.3.4. Samferdsel | | | |
|--|-----------------------------------|---------|--------|
| <p>"Samferdselssektoren treng straum til drift og styring av ymse installasjonar. Vegnettet kan likevel i dei fleste tilfelle brukast utan straum, men tidvis med uheldige verknader for kapasitet og tryggleik. Konsekvensane av at straumen fell bort vil avhenge av fleire forhold, mellom anna kor avhengig samfunnet, næringslivet og andre er av den aktuelle vegen, kva trafikkmengd det er tale om og trafikforholda elles." (FylkesROS 2009).</p> | | | |
| ROS- analyse | Moglege risikoreduserande tiltak: | Kostnad | Ansvar |
| <p>I ROS for MK er vegnettet, bruer, kaiar og sjøfart med fyrlykter/merker vurdert.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vegnett og bruer har ikkje installert noko utstyr som vil skape problem ved eit eventuelt straumbrot • Ingen av kaiene har installert noko utstyr som vil skape problem ved eit eventuelt straumbrot. Industrikaier vert ikkje teke med i denne ROS analysen • Kysten rundt MK har mange fyrmerke som er avhengig av straum. Desse vert drivne av kraftkjelder som solcelle, batteri og leidningsnett. Dei anlegga som vert drivne av leidningsnettet er dei som er mest sårbare, og desse kan drivast i ca. 3 dg med batteri. Ved straumbrot på meir enn 3 dg må det på somme stader vurderast tiltak. Det er Kystverket som har ansvaret for beredskapen på sjøen og MK viser til deira beredskapsplan for dette området | | | |
| <p>Sannsyn</p> <ul style="list-style-type: none"> • Eit brot på inntil eit døgn må reknast som lite sannsynleg. Ei meir alvorleg hending med straumbrot over 1 døgn vil venteleg skje sjeldnare enn kvart 50. år og er dermed lite sannsynleg. | | | |
| <p>Konsekvensar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Konsekvensane av eit kortare straumbrot vert vurderte som ubetydelege sjølv på vegar med høg trafikk. På enkelte høgtrafikkerte vegar kan inntil 5 dg utan straum få alvorlege verknader for trafikkavviklinga • Det er først og fremst dei økonomiske verknadene som vil gjere seg gjeldande. | | | |
| <p>Prioriterte risikoreduserande tiltak</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ingen | | | |

| 4.3.5. Olje og gass | | | |
|--|---|---------|---------|
| ROS- analyse | Moglege risikoreduserande tiltak: | Kostnad | Ansvar |
| <p>I Meland kommune er det to tankanlegg som leverer drivstoff. Eit i småbåthamna på Litlebergen og eit ved Frekhaug bilsenter på Mjåtveitflaten. Desse kan ikkje levere drivstoff ved straumbrot.</p> | <ul style="list-style-type: none"> • Ein straumstans i ein til fire timer gir lite problem, men over flere dager vil konsekvensene bli større. | Låg | Private |
| <p>Sannsyn</p> <ul style="list-style-type: none"> • Eit brot på inntil 4t må reknast som sannsynleg. Ei meir alvorleg hending med straumbrot over 1 døgn vil venteleg skje sjeldnare enn kvart 50. år og er dermed lite sannsynleg. | | | |
| <p>Konsekvensar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Straumbrot innan olje- og gassektoren vil truleg ikkje få større konsekvensar for liv og helse, eller miljø, men svingingar i trykk og temperatur i prosessanlegget kan i værste fall føre til brann og lekkasje • Slike følgjekonsekvensar kan sjølvsgagt medføre fare for liv, helse og miljø, og er vurdert til å ha alvorlege konsekvensar | | | |
| <p>Prioriterte risikoreduserande tiltak</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ingen | | | |

| 4.3.6. Anna prosessindustri | | | |
|---|----------------------------------|---------|--------|
| ROS- analyse | Moglege risikoreduserande tiltak | Kostnad | Ansvar |
| I prosessindustrien er det primært elektrolysen som er sårbar for straumbrot. Dei fleste andre prosessane kan ein anten avbryte, eller gjere andre tiltak for å redusere skadeomfanget. | | | |
| Sannsyn <ul style="list-style-type: none"> Eit brot på inntil 4t må reknast som sannsynleg. Ei meir alvorleg hending med straumbrot over 1 døgn vil venteleg skje sjeldnare enn kvart 50. år og er dermed lite sannsynleg. | | | |
| Konsekvensar <ul style="list-style-type: none"> Den inndelinga i tidsbolkar for straumbrot som er nytta i dette kapitlet høver ikkje for prosessindustrien, då sjølv straumbrot på 2 t vil berre føre til store driftsproblem Middels lange straumbrot, dvs. på over 4 t, vil truleg føre til "frosne" hallar. I slike tilfeller må elektrolysen startast på nytt. I Meland kommune er det berre eit par bedrifter som har enkelte operasjonar med elektrolyse – Frekhaug Stål (Jernstøperi). Den økonomiske konsekvensen vert difor vurdert til å vere mindre alvorleg | | | |
| Prioriterte risikoreduserande tiltak <ul style="list-style-type: none"> Ingen | | | |

4.3.7. Oppdrett og landbruk

Oppdrettsnæringa og landbruket er sårbart for svikt i levering av straum og drikkevatt.

| ROS – analyse | Moglege risikoreduserande tiltak | Kostnad | Ansvar |
|---|--|----------------------------------|--|
| <p>Oppdrettsanlegg for matfisk er ikkje særleg sårbare for straumsvikt fordi foring kan skje manuelt utan problem. Setjefiskanlegga er pålagt i forskrift å ha eige naudstraumsaggregat. Setjefisken er avhengig av oksygentilførsel og må ha straumforsyning heile tida. Meland kommune har eit setjefiskanlegg på Vikebø.</p> <p>Totalt i Meland kommune er det pr august 2012 59 føretak(bruk) som søker produksjonstillegg. Det er i alt 3387 sau, 487 storfe og 104 andre dyr. I løpet av 2013 er det starta opp eit nytt føretak med 7500 høns, men her er det krav om eige anlegg for naudstraum. Nokre føretak har fleire dyreslag, men dei fleste har berre sau eller storfe.</p> <p>Svikt i straumforsyninga kan i værste fall påverka luftkvalitet- og temperaturtilhøva for storfe, sau og hest, men dei fleste bygningar kan luftast ved å setja ope vindauge og dører slik at det ikkje oppstår kritiske situasjonar. Med dagens driftsformer, får svikt i straumforsyninga om morgonen eller om kvelden konsekvensar for den enkelte bonde dersom straumbrotet varer meir enn 3–4 t.</p> <p>Mjølkeprodusentane får ikkje mjølka kyrne og kjølinga på mjølketanken sviktar. Eit straumbrot om sommaren i siloslåttonna vil berrena føra til stans i pumpene som pumpar silosaft frå oppsamlingstank til motting. Dersom straumstansen varer lenger enn ein har oppsamlingskapasitet til, vil silosafta renne til overløp og ut i naturen.</p> | <ul style="list-style-type: none">• Mjølkeprodusentane og kanskje gardbrukarar som legg gras i silo bør utruste seg med aggregat for å unngå risiko knytt til straumutfall• Meland kommune skal informere aktuelle parter om kommunen sitt avgrensa ansvar og høve til å gje bistand• Kartlegge kor mange aggregat for naudstraum som finst på gardane. Lage ein plan for utlån. | <p>Låg</p> <p>Låg</p> <p>Låg</p> | <p>Mjølke- produsentar/ gardbrukarar</p> <p>MK</p> <p>MK</p> |

| | | | |
|---|--|--|--|
| <p>Sannsyn</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kortare straumbrot inntil 4 t må reknast som sannsynleg i følgje FylkesROS for Hordaland 2009 • Eit brot på inntil eit døgn må reknast som lite sannsynleg. Ei meir alvorleg hending med straumbrot over 1 døgn vil venteleg skje sjeldnare enn kvart 50. år og er dermed lite sannsynleg. | | | |
| <p>Konsekvensar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Eit lengre brot på meir enn 3–4 tii straumforsyninga kan gi betydelege økonomiske konsekvensar for mjølkeprodusentane • Eit straumbrot på meir enn 3–4 t i siloslåttonna vil berrena gje betydelege miljøkonsekvensar dersom utsleppet renn ut i ein periode med lita vassføring i ein bekk. Ein vil få oksygenvikt som kan føra til fiskedød i elvane. | | | |
| <p>Prioriterte risikoreduserande tiltak</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kartlegge kor mange aggregat for naudstraum som finst på gardane. Lage ein plan for utlån. | | | |

| 4.3.8. Finans og næringsliv | | | |
|--|-----------------------------------|---------|--------|
| <p>"Samfunnet i dag er basert på elektronisk betalingsformidling og såleis er finansnæringa og næringslivet heilt avhengig av elektrisk kraft (og IKT-tenester) for å berrene fungere." (Fylkes ROS 2009)</p> | | | |
| ROS- analyse | Moglege risikoreduserande tiltak: | Kostnad | Ansvar |
| <p>Sannsyn</p> <ul style="list-style-type: none"> Eit brot på inntil 4t må reknast som sannsynleg. Ei meir alvorleg hending med straumbrot over 1 døgn vil venteleg skje sjeldnare enn kvart 50. år og er dermed lite sannsynleg. | | | |
| <p>Konsekvensar</p> <ul style="list-style-type: none"> Det vil vere same problem i Meland som for resten av fylket. For finanssektoren og handelsstanden vil alle straumbrot medføre store problem Betalingstransaksjonar vil ikkje berrene utførast og kassepunkt vil slutte å fungere. Kortare straumbrot vil likevel truleg medføre mindre alvorlege konsekvensar. Ved straumbrot på inntil 5 dg vil bemanna bankkontor delvis berrene fungere, men vil til dømes mangle oppdatert kontoinformasjon Straumbrot utover 5 dg vil medføre at bankane må stengje, noko som vil berrene få katastrofale økonomiske verknader for samfunnet Når det gjeld næringsmiddelindustrien, så har Meland berre mindre bedrifter/ institusjonar som produserer eller oppbevarer mat. Konsekvensen for desse ved eit lengre straumbrot er avgrensa til dei økonomiske verknadane, men vert vurdert som mindre alvorleg | | | |
| <p>Prioriterte risikoreduserande tiltak</p> <ul style="list-style-type: none"> Ingen | | | |

4.3.9. Rasjonering av elektrisk kraft

"Forbruket av el-kraft aukar vesentleg meir enn produksjonen aukar. Det vil seie at kraft- underskotet aukar. Det kan i ekstreme tilfelle verta aktuelt med straumrasjonering. Ved ei rasjonering skal liv og helse prioriterast. Det inneber til dømes at helseinstitusjonar, kritisk infrastruktur og samfunnsviktige funksjonar ikkje vil verte kopla ut så sant det er praktisk mogleg.

Det er kanskje naturleg å prioritera enkelte viktige verksemder, med då i samråd med kommune og kraftleverandør/netteigar. Det er utarbeidd ferdige planar for ei rasjonering, der ein ser for seg ulike fasar i utkoplingane. Det er naturleg at den største kraftkrevjande industrien først vert kopla ut, og deretter sonevise utkopling med tidsintervall, for andre brukarar" (FylkesROS 2009).

| ROS- analyse | Moglege risikoreduserande tiltak | Kostnad | Ansvar |
|---|----------------------------------|---------|--------|
| Meland kommune har laga prioriteringsliste, i samråd med BKK, ved ein eventuell rasjonering/ soneutkopling | | | |
| Sannsyn <ul style="list-style-type: none">• BKK vurderer innføring av rasjonering som lite sannsynleg (FylkesROS 2009) | | | |
| Konsekvensar <ul style="list-style-type: none">• Konsekvens menneske, liv og helse: Ingen, eller små konsekvensar, då det er ein føresetnad at straumutkoplingane ved ei rasjonering er planlagde og varsla til brukarane slik at råka partar kan førebu seg i forkant• Konsekvens miljø er liten/ingen• Konsekvens økonomi og materielle verdiar kan for bedrifter føre med seg stans i produksjon, med sviktande inntekter. Enkelte institusjonar etc. må kanskje be om ekstra mannskap, slik at dette kan ha ein økonomisk innverknad på den daglege drifta | | | |
| Prioriterte risikoreduserande tiltak <ul style="list-style-type: none">• Ingen | | | |

Samlet risikomatrixe kap. 4.3.4 – 4.3.9 – Svikt i kritisk infrastruktur

| | | Risikomatrixe | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---|----|--|----|----|----|----|-------------|---|----|----|----|---------|----|--|----|----|----|----|
| | | Liv og helse | | | | | Miljøskadar | | | | | Økonomi | | | | | | |
| S5: Svært sannsynleg Ei hending pr.år eller oftare | S5 | | | | | | S5 | | | | | | S5 | | | | | |
| S4: Mykje sannsynleg > ei hending kvart 10. år, men < ei hending kvart år | S4 | | | | | | S4 | | | | | | S4 | | | | | |
| S3: Sannsynleg > ei hending kvart 50. år, men < ei hending kvart 10. år | S3 | SAM FN OG RAS AP OL | | | | | S3 | SAM FN OG RAS AP | OL | | | | S3 | SAM FN OG RAS AP OL | | | | |
| S2: Mindre sannsynleg > ei hending kvart 100. år, men < ei hending kvart 50. år | S2 | | | | | | S2 | | | | | | S2 | | | | | |
| S1: Lite sannsynleg Ei hending kvart 100. år eller sjeldnare | S1 | | | | | | S1 | | | | | | S1 | | | | | |
| | | K1 | K2 | K3 | K4 | K5 | | K1 | K2 | K3 | K4 | K5 | | K1 | K2 | K3 | K4 | K5 |
| K1: Ubetydeleg/ufarleg | K1 | Ingen personskadar | | | | | K1 | Ingen miljøskadar eller forureining av omgjevnadene. | | | | | K1 | Skadar for < kr 30.000,- | | | | |
| K2: Mindre alvorleg | K2 | Få og små personskadar, korte sjukefravær | | | | | K2 | Mindre skadar på miljøet som utbetrast etter kort tid | | | | | K2 | Skadar for mellom kr 30.000 – 300.000,- | | | | |
| K3: Betydeleg | K3 | Få, men alvorlege personskadar, mange mindre personskadar (> 10) | | | | | K3 | Stort omfang – middels alvorlegheit, Lite omfang – høg grad av alvorlegheit | | | | | K3 | Skadar for mellom kr 300.000 – 3.000.000,- | | | | |
| K4: Alvorleg | K4 | Inntil 2 døde, og/eller 5 alvorleg skadde, og/eller > 10 evakuerte | | | | | K4 | Store og alvorlege miljøskadar | | | | | K4 | Skadar for mellom kr 3.000.000 og 30.000.000,- | | | | |
| K5: Svært alvorleg | K5 | X > 3 døde, og/eller > 6 alvorleg skadde, og/eller > 10 evakuerte. | | | | | K5 | Langvarig, i verste fall alvorleg skade på miljøet. | | | | | K5 | Skadar for > kr 30.000.000,- | | | | |

Definisjonar SAM – Samferdsel OG – Olje og gass verksemd AP – Anna prosessindustri OL – Oppdrett og landbruk
FN – Finans og næringsliv RAS – Rasjoning

| | | Risikomatrixe | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---|----|---|----|----|----|----|----------------------------|------------------------------|----|----|----|----|----|----|----|----|----|----|
| | | Samfunnsviktige funksjonar | | | | | Produksjon | | | | | | | | | | | |
| S5: Svært sannsynleg Ei hending pr. år eller oftare | S5 | | | | | | S5 | | | | | | S5 | | | | | |
| S4: Mykje sannsynleg > ei hending kvart 10. år, men < ei hending kvart år | S4 | | | | | | S4 | | | | | | S4 | | | | | |
| S3: Sannsynleg > ei hending kvart 50. år, men < ei hending kvart 10. år | S3 | SAM FN OG RAS AP OL | | | | | S3 | SAM FN RAS OG AP OL | | | | | S3 | | | | | |
| S2: Mindre sannsynleg > ei hending kvart 50. år, men < ei hending kvart 100. år | S2 | | | | | | S2 | | | | | | S2 | | | | | |
| S1: Lite sannsynleg Ei hending kvart 100. år eller sjeldnare | S1 | | | | | | S1 | | | | | | S1 | | | | | |
| | | K1 | K2 | K3 | K4 | K5 | | K1 | K2 | K3 | K4 | K5 | | K1 | K2 | K3 | K4 | K5 |
| K1: Ubetydeleg, ufarleg | K1 | Funksjon mellombels ute av drift, ikkje direkte skade, mindre avvik i drift | | | | K1 | Produksjonsstans < 1 veke | | | | K1 | | | | | | | |
| K2: Mindre alvorleg, ein viss fare | K2 | Funksjon mellomens ute av drift, mindre skade, alternative løysingar fungerer | | | | K2 | Produksjonsstans < 3 veker | | | | K2 | | | | | | | |
| K3: Betydeleg, farleg | K3 | Funksjon ute av drift fleire døger, mindre skade på alternativ løysing, stort driftsavvik | | | | K3 | Produksjonsstans > 3 veker | | | | K3 | | | | | | | |
| K4: Alvorleg, kritisk | K4 | Funksjonsstans i lengre tid, skade på eller manglande alternativ løysing, stort driftsavvik | | | | K4 | Produksjonsstans > 3 mnd | | | | K4 | | | | | | | |
| K5: Svært alvorleg, katastrofal | K5 | Funksjonen er permanent sett ut av drift | | | | K5 | Produksjonsstans > 1 år | | | | K5 | | | | | | | |

Definisjonar SAM – Samferdsel OG – Olje og gass verksemd AP – Anna prosessindustri OL – Oppdrett og landbruk
FN – Finans og næringsliv RAS – Rasjoning

4.4. IKT – tenester


"Samfunnet er i dag ein open infrastruktur som vert meir og meir avhengig av informasjons- og telekommunikasjonsteknologi. Det er stadig krav om nye tenester, ny teknologi, tettare samankoplingar og større fleksibilitet.

Det er òg viktig at risiko og sårbarheit innan IKT vert vurdert utifrå kva kontekst ein opererer innanfor. Diverre er ein ofte ikkje så oppteken av tryggleik som det trusselen i dag skulle tilseie.

Dette delkapitlet vil vurdere nokre av dei viktigaste truslane mot informasjons- og telekommunikasjonssektoren i samfunnet. I arbeidet med informasjonstryggleik er et, mellom anna av personvernomsyn, heilt sentralt å sikre konfidensialitet, itegritet og tilgjengelegheit. I praksis inneber dette å sikre informasjon mot uautorisert innsyn og Informasjon mot utilsikta endring.

At informasjon heile tida er tilgjengeleg for den som treng det i tenesta".

Ref. FylkesRos 2009



4.4.1. Manglende tryggleikskultur og styring

Informasjonstryggleik handlar i stor grad om tryggleikskultur, –organisering og beredskap. For Meland kommune har IKT-avdelinga ansvar for den tekniske tryggleiken. Medan det organisatoriske er lagt til tryggleiksansvarleg. Alt arbeid er forankra ved rådmannen. Arbeidet med tryggleik er ein kontinuerleg prosess der bevisstgjerung av organisasjonen med å tenkje tryggleik i sitt daglege arbeid.

| ROS- analyse | Moglege risikoreduserande tiltak: | Kostnad | Ansvar |
|---|---|---|--|
| <p>Svikt på operativt nivå Meland kommune har felles IKT driftsorganisasjon (IKTNH) og teknisk plattform med fleire kommunar. Dette for at ein i fellesskap skal auka teknisk tryggleik.</p> <p>Det organisatoriske vil framleis liggje att i den einskilde kommune, hjå rådmannen. Tryggleiksleiinga må dermed vera forankra hjå rådmannen. Leiar av tenesteområde må sjå til at tryggleiksarbeidet vert følgt opp i organisasjon</p> <p>Forvitring av nettverkets ytre grense Meland kommune har gjennom avtale med den einskilde brukar, sett krav til bruk av mobile einingar, som skal brukast i kommunal regi. Meland kommune tillet ikkje bruk av private maskiner på kommunalt nett. Dette gjeld også innanfor det pedagogiske. Private maskiner får berre tilgang til kommunen sitt gjestenett. Sensitive data er sikra i eiga intern sone. Desse data skal ikkje forlata denne sone.</p> <p>Berre tilgang gjennom Citrix- terminalserver Kommunen har ei utfordring i forhold til minnepennar, CD-er, etc. Sjølv om det er sett krav til kva type lagringsmedia som kan nyttast, har ein eit stykke arbeid kring bevisstgjerung av forhold omkring dette. Det same gjeld ved bruk av digitale kamera innanfor kommunen si verksemd.</p> <p>Bærbart/mobilt utstyr Meland kommune har gjennom avtale med brukar definert bruk av berbar PC i kommunal regi. For oppkopling mot sikker sone frå internett skal det utarbeidast plan og rutinar som sikrar at data ikkje kjem på avveg.</p> | <ul style="list-style-type: none">• Ved kritiske system må ein vurdere redundante* løysingar• Etablering av gode serviceavtalar som sikrar reservedelar, kompetanse og periodisk kontroll• Leiinga må syne at det vert satsa på tryggleik, slik at det å tenkje tryggleiksrutinar er like naturleg som det å innføre ny teknologi• Ein må sørge for at sensitiv og kritisk informasjon er godt sikra. Tilgang på datainformasjon skal sikrast gjennom tilgangskontroll. Ingen skal ha meir tilgang enn naudsynt, for å utføre sine daglege gjeremål• Det bør etablerast rutinar/system for sjekk av berbar PC, før dei vert kopla opp i kommunen sitt nett. | Låg Låg Låg Låg Låg | MK MK MK MK MK |

| | | | |
|--|--|--|--|
| <p>Utdatert og/eller utilfredsstillende oppdatert programvare Tryggleikshol er feil som ikkje vert retta. Slike opnar for brot på konfidensialitet, integritet og tilgjengelegheit. Dette må sikrast i rutinane til den nye IKT-driftsorganisasjonen.</p> <p>Rutinesvikt I all verksemd er det viktig at det er gode rutinar som gjeld datatryggleik, og at desse vert følgde. Tenesteområdeleiarar har eit spesielt ansvar til å følgje opp eksisterande rutinar, og syte for at dei er kjende for alle i sitt område.</p> <p>Svikt i tele- og dataforsyning Svikt i tele og dataforsyning vil få konsekvensar for alle einingar. Spesielt dersom svikt blir langvarig. Meland Rådhus har eige datarom med telefonsentral, rommet har ikkje eige naudstraumsaggregat.</p> <p>Arbeid som medfører skadar på kablar og linjenett Graving er ofte ei årsak til brot på tele og datasamband. Ekstremvær kan også føre til at ein får brot på kabel/linjenett. Slike brot kan ofte vere tidskrevjande å reparere.</p> <p>Tilgang til Internett Mange av kommunen sine tenester, både internt og eksternt, er avhengig av tilgang til internett. Ein har prøvt å redusere risiko ved brot inn til kommunen med ei backup-linje inn til annan kommune.</p> | | | |
|--|--|--|--|

| | | | |
|---|--|--|--|
| <p>Sannsyn</p> <ul style="list-style-type: none"> • Uønska hendingar knytte til IKT-tryggleik kan delast i to kategoriar. • Den eine er at ein er for lite oppteken av IKT, tryggleiksrutinar og menneskeleg vegring. Det er ei kjennsgjering at kritisk infrastruktur og installasjonar via internett er under kontinuerleg angrep frå personar og organisasjonar med vondsinna siktemål • Den andre kjem av fysisk påverknad på infrastrukturen, t.d. avkutta kablar og tilsvarande. Begge hendingstypene må reknast som sannsynlege | | | |
| <p>Konsekvensar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Normalt vil konsekvensane av uønska hendingar via internett vere moderate, sjølv om dei medfører mykje ekstraarbeid og problem for dei som vert utsette for det. Likevel kan ein ikkje sjå vekk frå at somme vondsinna angrep vil berre få store konsekvensar både for liv, helse og økonomi • For verksemdar vil òg tap av omdøme vere viktig. Når det gjeld andre hendingar som primært kjem av at ein er for lite oppteken av informasjonstryggleik, vil òg desse berre få store konsekvensar, om enn ikkje like alvorlege som ved vondsinna gjerningar • Uhell som rammar fysisk infrastruktur er alvorleg, men kritiske funksjonar bør vere sikre gjennom alternative løysingar. Viss ikkje, vil òg konsekvensane på dette området berre verte store. | | | |
| <p>Prioriterte risikoreduserande tiltak</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er viktig at heile organisasjonen er oppteken av informasjonstryggleik • Arbeidet må vere forankra i den øvste leiinga og i tenesteområda. Tryggleiksarbeidet må følgjast opp systematisk • Gjennom IKT-samarbeidet med dei andre kommunane, har ein prøvd byggja inn redundante løysingar på dei mest kritiske stadane • Denne ROS – analysen går ikkje ned på detalj nivå, med risiko og vurderingar, ettersom IKT – Nordhordland held på å avslutte ein eige ROS – analyse for Meland kommune etter oppdrag for Meland kommune. | | | |

4.5. Transportsektoren

Transportsektoren er heilt avgjerande for eit fungerande samfunn. Utan infrastrukturen for transport vil heile samfunnet stoppe opp, både når det gjeld levering av varer, tenester, persontransport og ikkje minst i beredskapssituasjonar.

Samferdselsdepartementet har det overordna ansvaret for samfunnstryggleik og beredskap innan luftfart, veg, jernbane, post og elektronisk kommunikasjon. Fiskeri- og kystdepartementet har tilsvarende ansvar for sjøtransporten.

Målet er å sikre trongen det sivile samfunnet har for transport og kommunikasjon både i normalsituasjon og i kriser.

Riksvegar og fylkesvegar er analysert i FylkesROS Hordaland og vidare i TransportROS Hordaland.

I Meland kommune utgjør mesteparten av transportsektoren vegnettet. Sjøtransporten går mest forbi kommunegrensa. I Meland vil ikkje ei stengd farlei utgjere noko høg konsekvens, mens det ved ein stengd veg vil verte større konsekvensar.

Sjøvegen og vegnettet vil i fleire tilfelle berre utfylle kvarandre dersom det skjer ei uønska hending.



4.5.1. Vegnettet

Vegane i Meland kommune består av hovudvegane E39 over Flatøy, FV 564 frå Nordhordlandsbrua til Rossland, FV 249 Rossland til Skjelanger og FV 245 frå Fossesjøen til Odland. Det er Statens vegvesen (SVV) som har ansvar for bygging, drift og vedlikehald av riks- og fylkesvegar. Det er staten som er vegeigar på riksvegen E39 og Hordaland fylkeskommune som er vegeigar på fylkesvegane.

På kommunale vegar er det Meland kommune som er vegeigar og teknisk drift som har ansvaret for drift og vedlikehald. Kommunale vegar i Meland har ulik standard og dekke. Kommunale vegar fører enten fram til mindre bygder eller som vegstruktur til og i byggefelt. Nokre av vegane ligg i område som kan vere utsett for jord- og steinras. Det er samfunna langs desse vegane som er mest sårbare dersom vegen vert stengd. Andre grunnar til at vegane kan verte stengde er trafikkulukker, brann eller annan teknisk svikt.

| ROS-analyse | Moglege risikoreduserande tiltak | Kostnad | Ansvar |
|--|--|---------|--------|
| <p>Ei uønska hending på vegane vil vere stenging av vegen i kortare eller lengre tid. Ei slik stenging kan kome av trafikkulukker, naturhendingar, brann, teknisk svikt eller større drift- og vedlikehaldsarbeid.</p> <p>Det er for Meland kommune fleire fylkesvegar som ikkje har tilkomstmoglegheiter i form av ringvegar eller lett tilkomst sjøvegen. Konsekvensane ved ei lengre stenging av desse vegane kan vere alvorlege. Sjølv sagt vil kommunen verte påverka dersom Nordhordlandsbrua vert stengt i lengre tid, men her skal det, jfr beredskapsplanane til SVV, setjast inn ferje – noko som gjer at konsekvensane vert redusert kapasitet på framkomelegheit, men ikkje alvorlege med tanke på helse, miljø og tryggleik. Vegnettet i denne analysen består difor berre av kommunale vegar</p> <p>Meland kommune har mange kommunale vegar, som det ikkje eksisterar omkøyringsmoglegheiter til. Spesielt gjeld dette vegar som går til små bygder utanfor sentrumsstroka. Ved stenging av slike vegar vil konsekvensane vere at folk ikkje kjem til eller frå heimane sine. Sannsynet for ei slik uønska hending vil variere med type ulukke. Til dømes vil stenging av veg grunna trafikkulukke vere kortare enn dersom deler av vegen er rast ut.</p> <p>Ei stenging av veg over lengre tidsrom er vurdert som lite sannsynleg fordi Lindås og Meland brannvern, samt teknisk drift, er i beredskap heile døgnet.</p> | <ul style="list-style-type: none">• Jamnleg tilsyn og godt vedlikehald med dei vegane det kan vera fare for utgliding m.v. | Låg | MK |

| | | | |
|--|--|--|--|
| <p>Sannsyn</p> <ul style="list-style-type: none"> • Sannsynet for stenging av veg grunna uønska hending vil variere. Kvart år er det fleire vegar som vert stengde i kortare tid (S4/S5) • Sannsynet for ei lengre stenging er vurdert til mindre sannsynleg (S2). Det er høg beredskap i kommunen, både via Lindås og Meland brannvern og teknisk drift, og dei aller fleste kommunevegane bør vere operative igjen etter kortare tid • Sjølv sagt vil ei utrasing av ein veg føre til ein lengre stengt periode, og ein bør lage ei oversiktsliste på kva vegar dette gjeld og kva befolkning som eventuelt vert råka. Pleietrengande, eldre, små born, osv. | | | |
| <p>Konsekvensar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Konsekvensane for liv, helse og miljø er vurdert til mindre alvorleg (K2) • Dei økonomiske konsekvensane kan verte betydelege (K3) • Verste tenkjelege scenario infrastruktur veg vil vere ei stenging av vegen over lang tid som hindrar hjelp til bygder med fleire pleietrengande innbyggjarar • Liv, helse og miljø er vurdert i kapittel 5 (masseskadar på veg) | | | |
| <p>Prioriterte risikoreducerande tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ingen | | | |

4.5.2. Sjøtransport

Sjøtransporten i Meland kan nytta alle farvatn langs kysten og i fjordane, som moglege farleier. Sjøtransporten er sett saman av transport av olje og anna gods- og persontransport. Dette gjeld både lokalt, regionalt og internasjonalt.

Kystverket medverkar til god framkomst og sikker ferdsel. Kystverket utvidar tronge farleier, medverkar til gode innseglingar til hamnene og byggjer og held vedlike fyr-, merke- og andre navigasjonssystem. Etaten har også ansvaret for at alle hamner i internasjonal skipstrafikk set i verk tiltak i samsvar med forskrift om hamnesikring basert på m.a. ISPSkoden. (ISPS-koden = International Ship and Port Facility Security Code. Vart etablert av IMO etter teroanslaga i USA i 2001.)

I Meland kommune er det Bergen og omland havnevesen som har delegert mynde frå kommunestyret til å fatte vedtak på sjø etter hamne- og farvasslova.

| ROS- analyse | Moglege risikoreduserande tiltak | Kostnad | Ansvar |
|--|----------------------------------|---------|--------|
| <p>I farvatna rundt Meland skjer det uønska hendingar i form av grunnstøyting, påkøyring av landelement (m.a. bruer) og kollisjonar med andre fartøy. Hendingane varierer i omfang frå små uhell til alvorlege ulukker. Årsakene kan vere alt frå manøvrerings- og navigasjonsfeil til motorsvikt og bortfall av merke og andre hjelpemiddel i farleia.</p> <p>Uønska hendingar med sjøinfrastrukturen er sannsynleg, men det er lite sannsynleg at dei største og viktigaste ferdsleleiene vert stengde over lengre tid.</p> <p>Konsekvensane av ei slik større hending vil likevel vere alvorlege både for menneske, miljø og materiell. Dei økonomiske konsekvensane kan verte store. For kommunen sin økonomi skal ei slik hending til sjøs ikkje koste noko sidan ein skal ha tilbakebetalt frå den som forulukkar. I verste fall kan kommune/stat sitje att med rekninga fordi ein ikkje får drive inn pengar frå selskapa som er involverte. Matrisa for økonomi er difor vurdert utifrå dette.</p> | | | |

| | | | |
|--|--|--|--|
| <p>Sannsyn</p> <ul style="list-style-type: none"> • Stengde farleier eller fjordar grunna uønska hendingar vert vurdert som lite sannsynleg (S1) | | | |
| <p>Konsekvensar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Konsekvensane for infrastrukturen ved ei stengd farlei eller ein stengd fjord vert rekna som ubetydeleg (K1) • Sjølvsagt vil eit havari av ulike art få ulik konsekvens avhengig av kva type båt som havarere • Ein har vurdert havari av tankskip og cruiseskip i denne analysen • Liv, helse og miljø er vurdert i kapittel 5(masseskadar på sjø) | | | |
| <p>Prioriterte risikoreducerande tiltak:</p> | | | |

Samla risikomatrise kap 4.5 – Transportsektoren

| | | Risikomatrise | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---|----|--|------------|----|----|----|-------------|---|-----|-----|----|---------|----|--|------------|----|----|----|
| | | Liv og helse | | | | | Miljøskadar | | | | | Økonomi | | | | | | |
| S5: Svært sannsynleg Ei hending pr. år eller oftare | S5 | | | | | | S5 | | | | | | S5 | | | | | |
| S4: Mykje sannsynleg > ei hending kvart 10. år, men < ei hending kvart år | S4 | | | | | | S4 | | | | | | S4 | | | | | |
| S3: Sannsynleg > ei hending kvart 50. år, men < ei hending kvart 10. år | S3 | | | | | | S3 | | | | | | S3 | | | | | |
| S2: Mindre sannsynleg > ei hending kvart 100. år, men < ei hending kvart 50. år | S2 | | VEG SJØ | | | | S2 | | VEG | SJØ | | | S2 | | VEG SJØ | | | |
| S1: Lite sannsynleg Ei hending kvart 100. år eller sjeldnare | S1 | | | | | | S1 | | | | | | S1 | | | | | |
| | | K1 | K2 | K3 | K4 | K5 | | K1 | K2 | K3 | K4 | K5 | | K1 | K2 | K3 | K4 | K5 |
| K1: Ubetydeleg/ufarleg | K1 | Ingen personskadar | | | | | K1 | Ingen miljøskadar eller forureining av omgjevnadene. | | | | | K1 | Skadar for < kr 30.000,- | | | | |
| K2: Mindre alvorleg | K2 | Få og små personskadar, korte sjukefravær | | | | | K2 | Mindre skadar på miljøet som utbetrast etter kort tid | | | | | K2 | Skadar for mellom kr 30.000 – 300.000,- | | | | |
| K3: Betydeleg | K3 | Få, men alvorlege personskadar, mange mindre personskadar (> 10) | | | | | K3 | Stort omfang – middels alvorlegheit, Lite omfang – høg grad av alvorlegheit | | | | | K3 | Skadar for mellom kr 300.000 – 3.000.000,- | | | | |
| K4: Alvorleg | K4 | Inntil 2 døde, og/eller 5 alvorleg skadde, og/eller > 10 evakuerte | | | | | K4 | Store og alvorlege miljøskadar | | | | | K4 | Skadar for mellom kr 3.000.000 og 30.000.000,- | | | | |
| K5: Svært alvorleg | K5 | X > 3 døde, og/eller > 6 alvorleg skadde, og/eller > 10 evakuerte. | | | | | K5 | Langvarig, i verste fall alvorleg skade på miljøet. | | | | | K5 | Skadar for > kr 30.000.000,- | | | | |

Defenisjonar Veg – Veg Sjø – Sjø

| | | Risikomatrise | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---|----|---|------------|----|----|----|----------------------------|----|------------|----|----|----|----|----|----|----|----|----|
| | | Samfunnsviktige funksjonar | | | | | Produksjon | | | | | | | | | | | |
| S5: Svært sannsynleg Ei hending pr. år eller oftare | S5 | | | | | | S5 | | | | | | S5 | | | | | |
| S4: Mykje sannsynleg > ei hending kvart 10. år, men < ei hending kvart år | S4 | | | | | | S4 | | | | | | S4 | | | | | |
| S3: Sannsynleg > ei hending kvart 50. år, men < ei hending kvart 10. år | S3 | | | | | | S3 | | | | | | S3 | | | | | |
| S2: Mindre sannsynleg > ei hending kvart 50. år, men < ei hending kvart 100. år | S2 | | VEG SJØ | | | | S2 | | VEG SJØ | | | | S2 | | | | | |
| S1: Lite sannsynleg Ei hending kvart 100. år eller sjeldnare | S1 | | | | | | S1 | | | | | | S1 | | | | | |
| | | K1 | K2 | K3 | K4 | K5 | | K1 | K2 | K3 | K4 | K5 | | K1 | K2 | K3 | K4 | K5 |
| K1: Ubetydeleg, ufarleg | K1 | Funksjon mellomstans ute av drift, ikkje direkte skade, mindre avvik i drift | | | | K1 | Produksjonsstans < 1 veke | | | | | K1 | | | | | | |
| K2: Mindre alvorleg, ein viss fare | K2 | Funksjon mellomstans ute av drift, mindre skade, alternative løysingar fungerer | | | | K2 | Produksjonsstans < 3 veker | | | | | K2 | | | | | | |
| K3: Betydeleg, farleg | K3 | Funksjon ute av drift fleire døger, mindre skade på alternativ løysing, stort driftsavvik | | | | K3 | Produksjonsstans > 3 veker | | | | | K3 | | | | | | |
| K4: Alvorleg, kritisk | K4 | Funksjonsstans i lengre tid, skade på eller manglande alternativ løysing, stort driftsavvik | | | | K4 | Produksjonsstans > 3 mnd | | | | | K4 | | | | | | |
| K5: Svært alvorleg, katastrofal | K5 | Funksjonen er permanent sett ut av drift | | | | K5 | Produksjonsstans > 1 år | | | | | K5 | | | | | | |

Defenisjonar Veg - Veg Sjø - Sjø

5. Storulukker, masseskadar, atomulukker og radioaktiv stråling

5.1. Storulukker og masseskadar

5.1.1 Storulukker knytte til oppbevaring og lagring av farleg stoff. (SOLF)

Ingen bedrifter i Meland kommune er per november 2013 underlagt storulykkeforskrifta. I Meland kommune finn vi ikkje større olje- og kjemikalielager. Det er ikkje alltid volumet som er den utløysande faktoren for at ei slik hending kan komma opp i raud sone i følge Meland kommune sine akseptkriterium.

Påverknaden for Meland kommune som organisasjon må seiast og vere av liten eller ubetydelig grad både med omsyn på økonomi, samfunnsviktige funksjonar eller tenesteyting per november 2013.

Det kan vera lagra farlig væsker/gassar i område med bustader og andre bygningar mellom anna i offentlige bygningar som f.eks. skule, pleie- og omsorgsbygg og bensinstasjonar. NGIR planlegg etablering av ein «gjenbrukstasjon» som til tider kan få inn mindre kvantum av farlege stoff. Utan at nokon av desse gjev eit vesentleg bidrag i risikobileta.

Ei hending knytt til oppbevaring og lagring av farleg gods vil berrene få store konsekvensar i Meland kommune. Konsekvensane av ei slik hending vert rekna som store, både med omsyn til liv og helse og økonomi(for objektet), men vanlegvis liten med omsyn til miljøet.

Ved ei mogleg endring mot meir bruk av gass i offentlege eller store bygg vil risikoen berrene endre seg noko utan at analysen har sett på dette forholdet. Det vil alltid vere bedrifter / organisasjonar som lagrar ein mengde farlig gods som kan utgjere ein mindre risiko utan at dei har rapporteringsplikt. Det vert vurdert som at allereie innførte tiltak vil berrene handtere hendingar ved disse objekta.

Foto: Meland kommune



| 5.1.1. Storulukker knytte til oppbevaring og lagring av farleg stoff. | | | |
|---|--|---------|--------|
| Større ulukker med brann, eksplosjon og lekkasje med fleire skadde og omkomne. | | | |
| ROS-analyse | Moglege risikoreduserande tiltak | Kostnad | Ansvar |
| Sannsyn <ul style="list-style-type: none"> • Meir enn ei hending kvart 50 år, men mindre enn ei hending kvart 10 år (S3) | <ul style="list-style-type: none"> • Oppfølging av Objekt ansvar for å implementere tiltak som er anbefalt av tilsynsmyndighet innan tidsfristar (pri.kat 2) • Verifisere ved tilsyn at Lindås og Meland Brannvesen har naudsynt kapasitet eller tilstrekkelige samarbeidsavtaler for å handtere ein situasjon (pri.kat 2) • Etablere samvirkeøving i MK der alle parter deltar • Vurdere kor ofte slik øvingar bør gjennomførast (pri.kat 2) • Personell frå LMB møter i bedrifta si kriseleiing ved hendingar. (pri.kat 2) • Greie ut påverknad av MK sin økonomiske situasjon ved ei slik hending | Låg | MK |
| Konsekvensar <ul style="list-style-type: none"> • For menneske, liv og helse er konsekvensane sett til inntil 2 døde, og eller 5 alvorleg skadde, og eller meir enn 10 evakuerte (K4), Med vekt på evakuerte og inntil 2 døde • Det vil berrene bli ei hending med fleire skadde og omkomne. Det vil vere avgjerande kor hendinga skjer. Skjer hendinga i verksemda vil industrivernet starte innsats for å redde liv og helse. Evakueringsplanar vil bli aktiverte, dette arbeidet er det Politiet som har ansvar for. Vêrforhold som vind og straum vil berrene påverke konsekvensen og størrelsen av den • For miljø er konsekvensane sett til mindre skadar på miljøet som vert utbeta etter relativt kort tid. (K2) • Økonomiske og materielle verdiar; påverknad av MK sin økonomiske situasjon må utgreiast nærare • For samfunnsviktige funksjonar er konsekvensane sett til ufarleg (K1) • For tenesteyting Produksjon er konsekvensane sett til ufarleg (K1) | | Låg | MK |
| | | Låg | MK |
| | | Låg | MK |
| Prioriterte risikoreduserande tiltak <ul style="list-style-type: none"> • Det er ingen område i analysen som er i raud sone • Det er to område som er i gul sone og to i grøn sone • Det er identifisert fem moglege tiltak som alle er i prioriteringskategori 2. | | | |

5.1.2 Transportulucker med farlig gods (TUF)

Det vert transportert store mengder farlig gods gjennom Meland Kommune, med mest tyngde på strekninga Nordhordlandbroen og Hagelsund bro. Godset her er i hovudsak næringstrafikk til Mongstad området. Denne strekninga har høgare mengde av tungtransport enn det som er typisk for slike vegar på grunn av gjennomgangstrafikk.

Faren for hendingar er likevel låg i Meland kommune og er sett til meir enn ei hending kvart 50 år, men mindre enn ei hending kvart 10 år. (S3). Hendinga har eit større potensiale for mennesket og dyr enn for miljø. I følge akseptkriteria for menneske er hendinga i raud sone i analysen. Tiltak som midtdeler på E-39 vil vere med å redusere sannsynet for ulukker med eit slik potensiale.

Hendingar på Hagelsundbro, Krossnesbru og Nordhordlandbroen og tilhøyrande rundkjøringar vil berre få samferdselsmessige konsekvensar (konsekvensar på infrastruktur er analysert under anna kapittel). Fleire kryss i Meland kommune har utfordringar med tanke på av/påkjøring av FV-nettet.

Erfaringane tilseier at det er lite sannsynleg at transporter med farlig gods vert skadde på ein slik måte at dei tek til å leke i samband med ei ulykke. Likevel er marginane ved denne typen ulukker små, som regel dreiar det seg om tunge køyretøy. I seg sjølv gir det eit stort skadepotensiale og den farlege lasta utgjer ein tilleggsrisiko. Når desse to faktorane verkar samtidig, kan skadeomfanget verta av eit slikt omfang at akseptkriteria i analysen vert nådd.

Nedsett hastighet til 70 og 60 km/t på delar av vegnettet, frest sinusfelt på E 39 er med å bidrar positivt i risikobileta.

Tiltak som kan redusere sannsynet for at uhell kan skje, bør ha en høg prioritering i vidare arbeid. Dette arbeidet ligg noko utanfor Meland kommune sin myndighet til å fatta vedtak, men må ha fokus lokalt også.

(Bilete:)



| 5.1.2. Transportulukker med farlig gods | | | |
|---|--|---------|--------|
| Transport ulukker med farlig gods. Hendingar med påfølgande utslipp eller brann/eksplosjon av giftige/brannfarlige/eksplosive stoff. | | | |
| ROS-analyse | Moglege risikoreduserande tiltak | Kostnad | Ansvar |
| Sannsyn <ul style="list-style-type: none"> • Meir enn ei hending kvart 50 år, men mindre enn ei hending kvart 10 år (S3) • Sannsynet er noko forhøya på grunn av E39 (Flatøy) | <ul style="list-style-type: none"> • Gjennomføre ROS analyse for tilhøve i Raud sone for MHL (pri.kat1) • Verifisere at Lindås og Meland brannvern (LMB) har kompetanse på slik hendingar (pri.kat1) • Samøving av KKL og operasjonelle einingar (pri.kat2) • Verifisere at LMB sine planer, avtaler og organisasjon kan handtere slike hendingar (pri.kat1) • Verifiser varsling og rutinar for evakuering av område med mykje folk og store institusjonar (pri.kat1) • Verifisere at LMB har nødvendig utstyr (pri.kat1) | Låg | MK |
| Konsekvensar <ul style="list-style-type: none"> • For Menneske, liv og helse(MHL) er konsekvensgraderinga sett til katastrofalt (K5) • Dette fører til at MLH i analysen er plassert i raud sone og krev tiltak • Alvorlege skade på personar innanfor eit større område dersom dette skjer i tettbygd strøk og moglege omkomne er eit mogleg scenario • Miljømessige konsekvensar er sett til ein viss fare (K2) • Hendinga kan få konsekvens for Meland-samfunnet og kan få betydelig konsekvens for næringslivet. Kan skapa utfordringar med tanke på tenesteytingar som helse og vass leveransar • Økonomi og materielle verdiar, mindre lokal skade på materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar, ein viss fare (K2) • Samfunnsviktige funksjonar, funksjon midlertidig ute av drift, berre mindre skadar. Alternative løysingar fungerer, ein viss fare (K2) • Tenesteyting Produksjon, vekt på kortare produksjonsstans, ein viss fare (K2) | | Låg | MK |
| Prioriterte risikoreduserande tiltak <ul style="list-style-type: none"> • Eitt område i raud sone, det er menneske, liv og helse. Fire område som er i gul sone og to i grøn sone • Identifisert 5 moglege tiltak som er i prioriteringskategori 1. Talet er så høgt ettersom Menneske, Liv og Helse er i raud sone. Vidare analyse kan redusere talet • På dei område som Meland kommune har samarbeid med andre aktørar bør avtaler, kompetanse og operasjonell kapasitet verifiserast | | Låg | MK |

5.1.3. Masseskadar ved brann (MB)

Risiko for brann med mange omkomne eller tap av store verdiar vil avhenge av mange tilhøve. Med den fortettinga som pågår i sentrale delar av Frekhaug vil sannsynet for brann med fleire skadde/omkomne og tap av store verdiar auke utan at dette blir ein uakseptabel risiko i høve til akseptkriteria.

Auka bruk av einebustader for utleige til firma, for innlosjering av personar, kan føre til at eit høgt tal personar kan bli ramma i ein "normal" bygningsbrann. For sein varslings, naud-utgangar som er blokkerte eller utilstrekkelig dimensjonert bygg kan føre til store samlingar av folk som ikkje kjem seg ut av bygget. Overgang til gass som varmemedium i oppvarming kan føre til store skadar ved ein brann/eksplosjon.

Særleg nemnde tilhøve som kan påverka utfallet av ei slik hending: Teknisk standard på bygg, organisatoriske tiltak, utstyr, kompetanse og kapasitet i redningsetatane, tidleg varslings og beredskapsnivå, responstid for brann- og redning, vassforsyning, gjennomføring av lokalt tilsyn (frekvens/oppfølging), evne til eigenevakuering for ulike grupper, bemanning ved institusjonar og i omsorgsbustader og regelfaste øvingar. Noen av bygningane er sprinkla, og det vil berre føra til reduksjon eller sløkking av brann på eit tidlig stadium.

Fortetting og bygging i høgda vil berre auke behovet for å berre løysa utfordringa med evakuering av komplekse bygg og bygg over 3.etg. på ein tilfredstillande måte.

Når det gjeld skipsbrann kan Meland kommune få slik ei hending i sambande med den indre farleia og leia mellom Flatøy – Bognøy og leia mellom de Naue og Løypetone. Til dømes kan Hurtigruta og andre middels store cruiseskip segla gjennom Kvernafjord og Radfjorden og de Naue og Løypetone. Området Flatøy–Frekhaug blir brukt mykje av mindre skip som brukast i samband med arrangement, som for t.d. blåturar. Flatøyosen blir tidvis brukt som opp ankringsplass av mindre "lystyachter".

Dei fleste korrektiv- tiltak i denne analysen vil andre enn Meland kommune stå for.



Foto: Lindås og Meland brannvern (2007)

| 5.1.3. Masseskadar ved brann | | | |
|---|--|---------|--------|
| Brann som utløyer ein situasjon med mange skadde eller omkomne og tap av store verdiar. Skadar på infrastruktur (næringar –bygningar–vei og liknande) er analysert i anna tema (svikt i infrastruktur) | | | |
| ROS-analyse | Moglege risikoreduserande tiltak | Kostnad | Ansvar |
| Sannsyn <ul style="list-style-type: none"> Meir enn ei hending kvart 50. år, men mindre enn ei hending kvart 100. år (S2) | <ul style="list-style-type: none"> Utføra meir detaljerte ROS – analyser for eventuelt å avkrefte risikonivået (pri.kat.1) Verifisere at KKL har nødvendig kompetanse (pri.kat.2) Verifisere ved tilsyn at LMB har nødvendig utstyr eller tilstrekkelege samarbeidsavtaler for å handtere ein situasjon (pri.kat.2) Årlig oppdatering av § 13 – liste i (brannlova) for å identifisere objekt som kan auka eller redusere risiko (pri.kat.2) | Låg | MK |
| Konsekvensar <ul style="list-style-type: none"> Konsekvensane av ein større brann vil sjølvstekt vere avhengig av kvar brannen oppstår, og kor mange menneske som er i bygninga eller bygningane eller skipet som brenn Vidare er det avgjerande om krava til brannførebyggjande tiltak er oppfylte. Det største omfanget kan komme i sjukeheim, internat og på skip/større båtar For menneske, liv og helse er konsekvensgraderinga sett til katastrofalt (K5) Miljøkonsekvensar er ikkje analysert i denne samanhengen (K1) Økonomiske og materielle verdiar er sett til ufarleg (K1) Samfunnsviktige funksjonar er sett til betydeleg/farleg (K3), funksjon ute av drift i fleire døgn, mest vekt på stor driftsmessige forstyrring Tenesteyting Produksjon katastrofalt (K5), produksjonstans over eit år, med vekt på produksjonsstans på aktuell lokasjon, sjølv om sjølve tenesta må leverast på alternativ lokasjon | | Låg | MK |
| Prioriterte risikoreduserande tiltak <ul style="list-style-type: none"> To område i raud sone, det er Menneske, liv og helse og Tenesteytande produksjon, og to i gul sone Det er identifisert eit risikoreduserende tiltak i pri.kat 1 og tre i pri.kat. 2 Utføra detaljerte ROS – analyser for eventuelt å avkrefte risikonivået (pri.kat.1) | | Låg | MK |

5.1.4 Masseskadar på veg (MPV)

Meland kommune har fleire vegstrekningar som er ulykkesbelasta, slik som E39 over Flatøy og FV 247 til Skjelanger.

Det har ikkje vore registrert noko særskilt høgt nivå på ulykker der større køyretøy er innblanda i Meland kommune. Dette vil ikkje aleine vere ein indikator på at dette nødvendigvis har ein låg risiko.

Med auka satsing på buss som transportmiddel og folkeauke i regionen vil dette vere påverkande faktorar for auka sannsyn.

Ei hending vil gi verknad for Meland kommune i samband med akuttfasen. Meland kommune må pårekna å bidra i ein akuttfase med å innlosjere personar og yte krisehjelp til dei råka personane og pårørande. Viss dette er ei ulykka med mange innbyggjarar med adressa i Meland innblanda, vil kommunen få eit større press over noko lengre tidsrom.

Tenesteyting –produksjon kan bli råka over eit krtare tidsrom. Det vil berrena etablerast alternative løysingar innanfor eit akseptabelt tidsrom

Det kan skje hendingar på kommunale vegar som vil ha konsekvensar for drifta av Meland kommune. Skadar på veg er analysert i kap. 4 – Kritisk nfrastruktur.

